

Innkalling
av
Formannskapet

Møtedato: 18.06.2015

Møtestad:

Møtetid: 09:00

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

082/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 2
083/2015	2. gangs handsaming av områdeplan for fylkesveg 570 Einestrand - Nordre Kvinge	s. 3
084/2015	Bestandsplanområde Gulen-Masfjorden nord, adminstring av løyver	s. 81
085/2015	Referatsak	s. 101

11. juni 2015

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/520

Saknr	Utval	Type	Dato
082/2015	Formannskapet	PS	18.06.2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - L12, HistSak - 13/518	14/167

Saknr	Utval	Type	Dato
083/2015	Formannskapet	PS	18.06.2015
058/2015	Kommunestyret	PS	18.06.2015

2. gangs handsaming av områdeplan for fylkesveg 570 Einestrand - Nordre Kvinge

32T

Reguleringsplan for Einestrand og Nordre Kvinge

Dok merknader reguleringsplan Kvingo

Kart med gravrøys og sjakt markert

Fråsegn til høyring av detaljregulering for Fv 570 Einestrand - Nordre Kvinge - Masfjorden kommune
201307560-4Fråsegn til offentleg ettersyn av områderegulering for Einestrand - Nordre Kvinge -
Fv 570 - Masfjorden

Områderegulering for Einestrand - Nordre Kvinge FV 570 Masfjorden Kommune

Merknad til reguleringsplan FV570 Einestrand - Nordre Kvinge offentleg ettersyn

Reguleringsføresegner 02.09.2014

Plangrensekart

Planomtale_Fv 570 Einestrand - Nordkvingo 02.09.2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 områdeplan for fylkesveg 570 Einestrand – Nordre Kvinge.

Plankartet vert påført svingradiusar og siktsomar

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta

Områdeplanen var til 1. gangs handsaming i formannskapet den 20.10.2014, sak 14/167. Nedunder er heile saka vist i kursivtekst, saman med formannskapet sitt vedtak om offentleg ettersyn.

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte den 30.10.2012 planstrategi for 2012 – 2016. Her vart mellom anna reguleringsplanar for utbetring av fylkesveg 570 frå Andås til Masfjordnes ferjekai teke inn. Den 12.06.2013 vedtok kommunestyret framdriftsplan over prioriterte planoppgåver, og her vart plan for fylkesveg 570 forbi Kvinge prioritert. Formannskapet vedtok den 22.10.2013, i sak 061/13 oppstart av dette planarbeidet, og i saka var sjølv planområdet vist på eige kartskisse.

Planområdet omfattar no ein korridor langs fylkesveg 570 frå Einestrand til Nordre Kvinge på ca 6.km, og skal sikra areal for utbetring av eksisterande veg og tilrettelegge for mjuke trafikantar.

Fakta

Planarbeidet omfattar fylkesveg 570 og tek utgangspunkt i Statens vegvesens handbok 017 (2013). For planarbeidet er det lagt til grunn utbetningsstandard med vegklasse U-Hø 1 for 80 km/t skal nyttast påstrekninga. Vegklassen vert nytta ved utbetring av hovudvegar med fartsgrense på 80 km/t. Vegklassen legg til rette for ei samla vegbredde på 6,5 meter. Dette inneber kjørefelt på 2 x 2,75 m og vegskulder på 2 x 0,5m. For mjuke trafikantar vert det lagt til rette for einsidig utvida skulder på 1,5 m. Denne vegklassen vert nytta der årsgjennsnittet (ÅDT) er mindre enn 1 500.

Oppstart av planarbeid vart varsla med brev til grunneigarar og offentlege instansar datert 10.12.2013. Varsel om oppstart vart også kunngjort med annonse i avisa Strilen 12.12.2013 og på Masfjorden kommune si heimeside. Frist for merknader var sett til 31.01.2013.

Det har i samband med planarbeidet vore halde open kontordag på kommunehuset på Masfjordnes den 15.01.2013 der eit stort tal grunneigarar møtte fram. Her fekk dei sett planskisser over planlagd trase, og høve til å kommentera desse.

I brev til grunneigarane datert 03.06.2014 vart det invitert til synfaring den 18.06.2014 i samband med reguleringsplanen. Målet synfaringa var å vise alle interesserte grunneigarar den planlagde traseen og visa pårekna fyllings- og med skjeringsutslag på dei einskilde eigedomane som vart råka. Det vart på synfaringdagen vist til oppmøtestad med tidspunkt. Representantar frå planleggjar, Masfjorden kommune og Statens vegvesen var til stade på synfaringa. Det møtte opp mange grunneigarar, og drøftingane medførte at nye vegteikningar vart laga i ettertid.

Ved sørenden av Kvingedalsvatnet medfører vegutbetringa at det skal etablerast nytt kryss. Krysset vert heva i høve til dagens situasjon. Dette medfører at det også må etablerast ny bru over elva frå Kvingedalsvatnet langs Fv570 og den private vegen på gnr. 37 bnr. 9. Planforslaget medfører ikkje utfylling, innsnevring eller andre inngrep i elva.

Planframlegget medfører at eit eldre bustadhus frå slutten av 1800-talet må rivast, og to uthus og ei utløe.

Tiltaket er ikkje vurdert å koma i konflikt med viktige områder for biologisk mangfald, utvalte naturtypar eller andre viktige artsførekomstar i planområdet. Registreringar oppført i Norsk Rødliste

2010 er vurdert å ikkje bli påverka av planforslaget. Det vert vurdert at det ikkje er mangel på kunnskap som tilseier at føre-var-prinsippet skal nyttast.

Det vert vist til vedlagde planskildring og kart av 02.09.2014, for utfyllande og detaljerte opplysningar om planframlegget.

Høyring

Planen går til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10. Det betyr at offentlege instansar og grunneigarar og naboar langs planområdet får brev om planframlegget, samstundes skjer det kunngjering i lokalavis og på kommunen si heimeside. Frist for merknader vert sett til 6. veker frå kunngjeringsdato. Etter høyringa vert alle merknader gått gjennom av administrasjonen og Statens Vegvesen, og planen vert deretter fremja til 2. gangs handsaming via formannskapet. Endeleg plan må godkjennast i kommunestyret.

Vurdering:

Administrasjonen meiner det er eit godt gjennomarbeid planframlegg som no ligg føre, og i samsvar med dei føringane både kommunestyret og formannskapet har gjeve i samband med tidlegare drøftingar og oppstartsvedtak. Planføretaket har samarbeida tett med kommunen og med Statens Vegvesen sine folk, og drøftingane som er gjort med grunneigarar og naboar langs planområdet har vore grundige. Det er krevd arkeologiske registreringar på deler av planområdet, og det er viktig at dette vert gjort ferdig, slik at planen kan slutthandsamast tidleg 2015.

Konklusjon

Rådmannen rår til at framlegg til reguleringsplan vert sendt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.

Formannskapet - 096/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Framlegg til områdeplan for Fv 570 Einestrand – Nordre Kvinge vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentleg ettersyn.

Planen var på høyring i perioden 13. november til 30. desember 2014. I løpet av høyringsperioden fekk Masfjorden kommune inn følgjande merknader, som nedunder er kort referert, og deretter kjem vurderinga til rådmannen i kursivtekst:

Brev frå Statens Vegvesen av 17.12.2015, som skriv at svingradiusar og siktsonar må påførast plankartet, og tek opp ønskje om fråviksøknad.

Rådmannen har vurdert merknaden frå Statens Vegvesen og vil leggja inn i vilkåret for godkjenninga at plankartet skal få påført svingradiusar og siktsonar. Det som gjeld fråvikshandsaming meiner rådmannen kan deponerast til seinare byggjeplanlegging, som vil skje når strekningsvise utbetringar er vedteke starta opp.

Brev frå Leif Egil Kvinge av 22.12.2014, som skriv at planen vil berøra hans fritidseigedom på gnr. 37 bnr. 40, og ber om at seinare detaljplanlegging i samband med tilbodsteikningar prøver å redusere skaden på hans eigedom. I tillegg vert ønskje om kompensasjon for tapt areal teke opp, og ønskje om å sikra god parkering og tilkomst til hytta og båtplassar i framtida.

Rådmannen har stor forståing for ønsket om å redusera ulemper knytt til framtidig vegprosjekt, og meiner at dette kan drøftast nærmare når ein kjem til seinare byggjeplanlegging. Planen treng difor ikkje endrast.

Brev frå Hordaland fylkeskommune av 09.12.2014, som skriv at dei er positiv til planen, men viser til at den arkeologiske registreringa no er gjort, og at planen ikkje kjem i vesentleg konflikt med kulturminnelova. Ein ber om at det vert teke omsyn til kantrestar av ei gravrøys ved bruk nr. 4 sør for Kvingedalsvatnet.

Rådmannen har vurdert merknaden frå Hordaland fylkeskommune, og meiner dette kan ivaretakast i seinare byggjeplanlegging.

Brev frå NVE av 13.11.2014, som skriv at dei ikkje har merknad til planframlegget.

Rådmannen tek dette til orientering.

Brev frå BKK av 24.11.2014, som skriv at det må takast omsyn til elektriske anlegg langs fylkesvegen, og at om ein ønskjer flytting av slike anlegg vil BKK krevje full kostnadsdekning.

Rådmannen tek dette til orientering.

Fylkesmannen i Hordaland av 18.11.2014, som skriv at dei ikkje har merknad til planen.

Rådmannen tek dette til orientering.

Vurdering

Rådmannen vil visa til at det har vore ein grundig planprosess, og at reguleringsplanen er i samsvar med dei føringane både kommunestyret og formannskapet har gjeve i samband med tidlegare drøftingar og oppstartsvedtak. Det grundige forarbeidet viser seg igjen, ved at det er få merknader som krev endringar av sjølve planinnhaldet, og at reguleringsplanen slik

den no ligg føre difor er bra balansert mellom ulike interesser. Rådmannen rår med dette til at områdeplanen vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12, på vilkår om at plankartet får påført svingradiusar og siktsonar slik Statens Vegvesen krev.

Konklusjon

Kommunestyret kan i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 godkjenna områdeplanen for fylkesveg 570 Einestrand – Nordre Kvinge. Plankartet vert påført svingradiusar og siktsonar



Statens vegvesen

Masfjorden kommune
5981 MASFJORDNES



Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2013/122259-010

Dykkar referanse:

Vår dato:
17.12.2014

Offentleg ettersyn - Reguleringsplan for Einestrand og Nordre Kvinge - Masfjorden kommune

Vi viser til tidlegare kontakt i saka.

Statens vegvesen har saman med Masfjorden kommune og ABO plan og arkitektur vore med i arbeidet med ovannemnde reguleringsplan. Planen er soleis i samsvar med våre faglege innspel.

Vi gjer merksam på at reint trafikkteknisk må det påførst talverdiar når gjeld svingradius og siktsoner i kryss og avkøyrslar i planen. Dette har ein informativ verdi, samstundes som det vil vere til god hjelp ved utarbeiding av byggeplanar for prosjektet.

Reguleringsplanen har på ein del stadar avvik frå krava i Vegnormal N100. Desse skal det søkast fråvik for. I samråd med Statens vegvesen, Plan og forvaltning må kommunen/konsulten utarbeide naudsynt grunnlagsmateriale til fråvikssøknaden. Svar på slik søknad skal liggje føre før det vert gjort vedtak i saka.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Hordaland fylkeskommune

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Leif Egil Kvinge
Stallabrotet 15
5640 EIKELANDSOSEN
Tlf. 56581502 90608101
kvingele@yahoo.no

Eikelandsosen 22. desember 2014

MASFJORDEN KOMMUNE

Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

UTTALE TIL REGULERINGSPLAN FV 970 EINESTRAND – NORDKVIINGO

Som eier av fritidseiendommen 37/40 med adresse Austfjordvegen 1243 har jeg denne uttale:

Generelt:

Der er behov for å gjøre veien sikrere for fotgjengere og syklister. Mange sjåfører holder svært høy fart her i forhold til veiens standard. Ved utviding vil farten øke. Om en mener alvor med sikring av myke trafikanter **må** der etableres fortauskant eller rekkverk mellom gangbane og kjørebane. En hvit stripe blir ikke respektert av de råeste billistene. Den eneste grunnen til å velge stripe er å spare litt penger.

Dessverre vil gjennomføring av denne planen berøre vår fritidseiendom sterkt. Inngrepet blir alvorligere enn først antatt. Vi innser at det er urealistisk å forlange at utvidelsen blir gjort på den andre siden av veien. Det vil likevel være et krav at det offentlige anstrender seg for å gjøre skaden så liten som mulig sett fra vår side. Her er det viktig hvordan detaljene i anbudet blir utformet.

Kompensasjon for tapt areal:

Vår fritidseiendom er relativt mye brukt. Vi ønsker selvfølgelig at arealinngrepet blir så lite som mulig. Sist veien ble utvidet her for vel tjue år siden fikk vi svært lite igjen for det arealet vi tapte. Areal vil også gå tapt ved den kommende veiutvidelsen, og avstanden fra hytten til stupet ved den store skjæringen vil bli kortere.

For oss er nok disse kvadratmeterne mere verdt enn den verdien som trolig blir fastsatt ved et eventuelt skjønn. Vi kommer derfor til å sette frem krav om at det i størst mulig grad blir ervervet nytt areal for å opprettholde hytteeiendommens størrelse. Dette må da gjøres ved å flytte det østligste grensepunktet på eiendommen lenger mot øst.

Avstanden fra hytten til topp skjæring er nå så stor at det ikke har ført til noen utrygghet med hensyn til barn og barnebarn. Etter reguleringsplanen blir avstanden kortet ned. Det ser for oss ut til at det blir nødvendig med et solid gjerde i grenselinjen ved toppen av skjæringen. Veianlegget må da ta gjerdeknoden.

Adkomst til hytten:

Terrenget er slik at det er begrenset med muligheter for å komme oss opp til hytten. Alt etter størrelsen på inngrepet vil stien opp til hytten bli berørt i større eller mindre grad.

Alternativ 1: Dersom inngrepet **ikke** går så langt inn at eksisterende sti blir fjernet på en relativt kort strekning nærmest veien, vil den likevel, etter det vi forstår, komme så nær topp skjæring at vi vil kreve solid, pent gjerde med rekkverk. Dette over en naturlig strekning som må fastsettes når vi ser størrelsen på inngrepet (rekkverk anslagsvis minst ti meter lengde). Det kan også være aktuelt med mur for å beholde tilfredsstillende sti på den kritiske strekningen.

Alternativ 2: Dersom inngrepet blir så omfattende at stien på den aktuelle strekningen forsvinner eller blir ubrukelig, vil vi kreve at det blir laget ny sti fra parkeringsplassen og oppover langs vår grense langs bråtalaget. Vi må da komme inn på vår eiendom fra baksiden fra nordøst. Dette er en lite ønskelig løsning sett fra vår side da der til tider har en tendens til legge seg store snøfonner her. Men det er nok eneste reelle alternativ om dagens sti blir ubrukelig. Vår hytteeiendom har veirett over bruket den er utskilt fra. Den siden av saken skal ifølge skyldelingspapirene, juridisk sett, være grei å løse.

Parkering:

Parkeringsforholdene må ikke bli dårligere enn de er i dag. Min bil er 6 meter lang, og den neste blir ganske sikkert større. Etter planen ser det noe trangt ut.

Nedre del av nåværende parkeringsplass har dessverre ved nedbør store mengder overflatevann, og følgelig kraftig isdannelse ved frost. Før vegvesenet sin utvidelse her for vel tjue år siden hadde dette vannet utløp. Dette ble blokkert ved utvidelsen. Må tas igjen og gjøres bedre nå!

Adkomst til båtplassene:

Stien ned til båtplassene (og ett naust) går nedover langs bekken og den gamle steingarden som var skille mellom utmark og innmark. Dersom det blir endring i dette området, for eksempel fylling utenfor dagens mur, må det lages til slik at en i fremtiden kan komme ned på denne stien like enkelt som nå.

Trefelling:

Trær som må felles på vår eiendom for å få sikker avstand til topp skjæring, må overleveres til oss på avtalt sted da vi alltid utnytter veden.

Med vennlig hilsen

Leif Egil Kvinge



Masfjorden kommune

5981 MASFJORDNES

Dato: 09.12.2014

Vår ref.: 2014/315-14

Saksbehandlar: pernord1

Dykkar ref.:

Fråsegn til høyring av detaljregulering for Fv 570 Einestrand - Nordre Kvinge - Masfjorden kommune. PlanID: 1266-20130003.

Vi viser til brev datert 12.11.2014 om høyring av forslag til detaljregulering for Fv 570 Einestrand – Nordre Kvinge. Hovudføremålet i planen er utbetring av Fv 570 til ein standard for fart på 80 km/time, og tilrettelegging for mjuke trafikantar. Det er lagt til grunn ÅDT under 1500. Planområdet er ein korridor på omlag 6 km. Planen inngår i kommunal planstrategi, og planarbeid for parsellen er prioritert av kommunestyret i 2013. Vagbana av Fv 570 er markert i arealdelen av kommuneplanen. Områda langs vegen er sett av til LNF-område, bustader, hytter, næringsverksemd, kombinert bebyggelse og anleggsmål og LNFR-areal med spreidd bustadbygging. Kommunen har vurdert at planen ikkje krev konsekvensutgreiing, men konsekvensar av planen er omtala i planomtalen.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Planfaglege merknader

Plankart og planomtale presenterer planen og gir eit oversikteleg vurderingsgrunnlag. Planprosessen har gitt høve til aktiv medverknad for aktuelle interessantar. Vi har ikkje merknader til dette.

Barn og unges interesser

Planen har som målsetjing å leggja tilhøva betre til rette for trygg ferdsel på vegen, busslommer, busstur, strekningar med fortau, der omsynet og til barn og unge er vektlagt. Vi vurderer det slik at barn og unge sine interesser er ivaretatt på ein tilfredsstillande måte i planforslaget.

Folkehelse

Tryggare veg og betre framkome vert vurdert som positivt for folkehelse.

Klima og energi

Tilpassing til klimaendringar med omsyn til skred, flaum og overvatn er vurdert og vektlagt i planen. Dette er i samsvar med regional klimaplan og vi har ikkje merknader til dette.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til varsel om arkeologisk registrering datert 27.06.2014, godkjenning av kostnadsoverslag datert 13.08.2014 og elles til løpende kontakt med assisterende rådmann Sveinung Toft i Masfjorden kommune om saka. Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I samband med planforslaget vart det stilt krav om arkeologisk registrering i området og tilbod om dette med kostnadsoverslag vart sendt ut 27.06.2014 med påfylgjande godkjenning av dette frå Masfjorden kommune 13.08.2014. Registreringa vart utført 18 - 19.11.2014. På to av bruca, bnr. 4 og 5 vart det opna sjakter med gravemaskin frå avkøyringa opp til bnr. 5 og fram til rett over grensa på bnr. 4 der det stikk opp ein bergskolt som det knapt er jorddekke over. Vidare mot vest og nordvest var det svært våtlendt og lite eigna for graving. Det vart elles teke prøvestikk og sondert med jordborr nede med elveutløpet frå Kvingedalsvatnet. Det vart ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne, men kantrestar av gravrøysa som vart totalgraven av Håkon Shetelig frå Bergens Museum i 1906, vart påvist ved bergskolten på bnr. 4. Den sørlege delen av denne ligg 6 meter frå nordre kantlina på Fv 570. Sjølv om dette berre er ein rest, og i prinsippet friggitt, så er det ikkje attende mange faste kulturminne i Masfjorden. Vi vil difor be om at denne røysresten vert teken vare på, slik at anlegg- og riggområde på plankartet vert flytt godt over på vestsida av den markerte bergskolten der det er fritt areal heilt ned til veggen som går opp mellom 37/4 og 37/69. Eventuelt kan riggområde setjast på bnr. 5. Registreringsrapport vil bli ettersend så snart den blir ferdigstilt. Kart og feltteikningar ligg vedlagt.

Elles har vi ingen andre avgjerande merknader i saka.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Landskap

Utviding av veggen, til dels i bratt terreng får verknader på landskapet. Planen illustrerer dette i avgrensa grad. Her saknar vi nokre illustrasjonar for dei mest påverka strekkingar og punkt. Omsynet til landskapsverknader er omhandla i føresegnene, og vi vurderer det slik at planen sikrar landskapskvalitetane i tilstrekkeleg grad.

Næringsutvikling

Flaskehalsar i infrastrukturen er i regional næringsplan vurdert som faktorar som hemmar næringsverksemd og verdiskaping. Opprusting av Fv 570 på den aktuelle parsellen vert vurdert som positivt for næringsverksemd.

Samferdsel

Vi ber om at det vert tatt kontakt med Skyss i samband med behov og innplassering av busshaldeplassar.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget. Vi ber likevel om at planen vert justert på bnr 4, for at ein her kan ta vare på ein rest av ei gravrøys, då Masfjorden kommune har lite av faste kulturminne. Vi ber om at Skyss vert direkte kontakta om behov og lokalisering av busshaldeplassar.

Marit Rødseth
plansjef

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamar:

Per Nordmark, planseksjonen, regionalavdelinga

Nils Egil Grude, transportplanseksjonen, samferdselsavdelinga

Lars Øyvind Birkenes, kulturminnevern og museum, kultur- og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato: 10.12.2014
Vår ref.: 201307560-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 13.11.2014
Dykkar ref.: 14/167

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Fråsegn til offentlig ettersyn av områderegeringsplan for Fv 570 Einestrånd - Nordre Kvinge - Masfjorden kommune

Vi syner til brev datert 13.11.2014. Saka gjeld offentlig ettersyn av områderegeringsplan for Fv 570 Einestrånd – Nordre Kvinge – Fv 570. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utbetring av eksisterande veg og legge til rette for mjuke trafikantar.

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Fra: Ingebjørg Kv Hindenes <ingebjorg.kv.hindenes@politiet.no>
Sendt: 9. desember 2014 12:42
Til: Post Masfjorden kommune
Kopi: 'ola@abo-ark.no'
Emne: Områderegulering for Einestrand - Nordre Kvinge FV 570 Masfjorden
Kommune

Merknad til planframlegg

Gjelder avkjørsel til g nr 38 b nr 7. Ønsker at avkjørselen blir godkjent for fire boliger.

Når det gjelder snitt av eiendommen g nr 38 b nr 87, ønsker jeg kompensasjon.

Ved evt snitt av eiendommen g nr 38 b nr 7, ønsker jeg kompensasjon.

Med vennlig hilsen

Ingebjørg Kv Hindenes
Seniorkonsulent

Hordaland politidistrikt

Politihuset i Bergen

Telefon: <986 03 154 / 55 55 64 64>

E-post: ingebjorg.kv.hindenes@politiet.no
www.politi.no



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Deres ref.: 14/167 – 14/4504
Vår ref.: 11483113

Dato: 24.11.2014

Merknad til reguleringsplan FV 570 Einestrand – Nordre Kvinge offentlig ettersyn

BKK Nett viser til ovennevnte melding om offentlig ettersyn av reguleringsplan for FV 570 Einestrand – Nordre Kvinge i Masfjorden Kommune datert 13.11.14.

Innenfor det omhandlede planområdet har BKK Nett blant annet høyspenninglinjer, høyspenningskabler og nettstasjon(er) (transformatorer i distribusjonsnettet for elektrisk energi) og vi ber om at disse anleggene tas hensyn til i det videre planarbeidet.

Disse høyspenningsanleggene inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi, og er nødvendige komponenter i den lokale strømforsyningen. Nevnte anlegg er bygget i medhold av områdekonsesjon (jfr. energiloven § 3-2). Omlegging av disse anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas.

Dersom reguleringsplanen skal forutsette omlegging av eksisterende høyspenningsanlegg, må det settes av plass til nye traseer for ledninger og/eller kabler og areal til nettstasjoner. Vi gjør videre oppmerksom på at det som hovedregel er den som ønsker å få et høyspenningsanlegg omlagt eller flyttet, som selv må bære kostnadene med dette. BKK Nett vil kreve full kostnadsdekning.

De høyspennings luftledningene som ligger innenfor planområdet, har normalt et byggeforbudsbelte på 16 meter, 8 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter. Vi ber om at traseen med byggeforbudsbelte må registreres i planen som arealformål trasé for nærmere angitt teknisk infrastruktur, jfr. Plan- og bygningsloven § 12-5 nr 2, eller som en hensynssone (faresone).

For jordkabelanlegg kan det normalt bygges så nært inntil kabelgrøften som én meter fra senter. Viktig er det imidlertid at fremtidig tilkomst til kabelgrøftene ikke hindres.

En nettstasjon må plasseres minimum én/ fortrinnsvis minimum tre meter fra veikant og utenfor veiens frisktsoner. Størrelsen på nettstasjonen vil være opptil 2,5 x 4 meter.

For både nye og eksisterende nettstasjoner gjelder også at disse må stå minst 5 meter fra bygning med brennbare overflater. Nettstasjon kan stå i en avstand av minst 3 m fra bygninger med ikke brennbare overflater, og kan stå inntil bygning når veggen som vender mot transformatoren er utført i brannteknisk klasse minste REI 60/A2-s1 eller tilsvarende

Vi gjør for øvrig oppmerksom på at spenningsnivået for ledningsanleggene *ikke* må påføres i planen, herunder plankartet. Kraftledninger skal på kart ha en enhellig utforming, uavhengig av spenningsnivå og eventuelle fysiske forskjeller, og parallelle ledninger som går i samme trasé, skal tegnes som én ledning.


Dersom kommunen vil drøfte behov for omlegginger, eller ønsker flere opplysninger om privatrettslige forhold for flytting av eksisterende distribusjonsanlegg, kan det tas kontakt med BKK Nett as ved områdeansvarlig Jon Egil Einestrand på telefon 55 12 81 18 eller e-post jee@bkk.no

Det er viktig at eventuelle behov for endringer eller omlegginger av elektriske installasjoner blir tilkjennegitt på et tidlig tidspunkt.

Vennlig hilsen
BKK NETT AS




Jan Arne Salhus
Spesialrådgiver



Jon Egil Einestrand
Områdeansvarlig

Vedlegg kartskisse



MASFJORDEN KOMMUNE

OMRÅDEREGULERING - REGULERINGSFØRESEGNER FOR:

jf. plan- og bygningslovens (pbl) § 12-7

PLANNAVN: FV570 STREKNINGA EINESTRAND – NORDKVIINGO

Saksnr. @/@@@

Nasjonal arealplanID 1266_20130003

Vedtatt dd.mm.åå @.@.@.@

Sist revidert 02.09.2014

Desse reguleringsføresegnene gjeld for område vist med reguleringsgrense på plankart 1 til 5 i mål 1:1000, datert/revidert 02.09.2014/

Området er regulert til følgende føremål:

Bygninger og anlegg

(Pbl. § 12-5 nr. 1)

- Bustader
- Fritidsbustader
- Næringsbyggnar
- Energianlegg
- Forretning /tenesteyting

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

(Pbl. § 12-5 nr. 2)

- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- Veg
- Gangveg/gangareal/gågate
- Annan veggrunn – tekniske anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Haldeplass/plattform
- Parkering
- Rasteplass

Landbruks-, natur- og friluftsområder

(Pbl. § 12-5 nr. 5)

- LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden

Omsynssoner (Pbl. §12-6 jf. 11-8a):

Sikrings-, støy og faresoner (Pbl. §11-8 a)

- Frisikt
- Ras- og skredfare
- Høgspenningsanlegg (inkl. kablar)

Områdeføresegner (Pbl. § 12-7)

- Anlegg- og riggområde

§ 1

FELLES FØRESEGNER

- 1.1 Områdeføresegner: Mellombels anleggsområde**
Mellombels anleggsområde er regulert til andre føremål, men i gjennomføringsfasen for veganlegget kan det i områda gjerast masseflytting og andre anleggstiltak i samband med vegbygging, under dette planering og sikring av veganlegget. Innanfor områda kan det lagrast vegetasjonsmassar i samband med vegbygginga. Inngrepa skal gjennomførast med omsyn, og alle områda skal når veganlegget er fullført, setjast i stand til det permanente føremålet som er gjeve i planen.
- 1.2 Estetisk kvalitet**
Alle tiltak skal gjennomførast med rimelege omsyn til estetisk godt uttrykk. Dette gjeld i forhold til anlegget i seg sjølv og i forhold til omgjevnadene. Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og naturgjevne og bygde omgjevnader.
- 1.3 Verknad for skråningsutslag**
Mindre avvik i skråningsutslag innanfor "annan veggrunn" og andre reguleringsføremål som er sett av til "mellombels anleggsområde", kan skje som følgje av uføresette forhold. Dette medfører at grensa mellom "annan veggrunn" og tilstøytande areal kan avvike noko frå det som ligg i plankartet.
- 1.4 Landskapsbehandling og terrengtilpassing**
Før veganlegget vert ferdigstilt skal areala med tilhøyrande sideareal opparbeidast og setjast i stand. Terrenginngrep i samband med veganlegget skal skje mest mogleg skånsamt.
- 1.5 Jordbruksareal**
Før utbygging skal det gjerast greie for handtering av jordressursane. Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) som vert utbygd skal sikrast vidare bruk, primært til jordbruksformål.
- 1.6 Kablar og kommunaltekniske anlegg**
Slike anlegg under bakkenivå kan leggest der det er tenleg alle stader i planområdet i samråd med vegstyresmaktene.
- 1.7 Avkjørsler**
Avkjørsler på plankart markert med symbol er jordbruksavkjørsler. Det skal ved søknad om opparbeiding av avkjørslene dokumentarast at avkjørslene tilfredsstillar krav til sikt stigning m.m.
- 1.8 Stenging av avkjørsler**
Avkjørsler som i plankartet er vist som avkjørsler som skal stengast, kan ikkje stengast før tilfredstillande tilkomst til bustadene/områda det gjeld er sikra.

1.9 Utfyllende planar og dokumentasjon**1.9.1 Byggeplan**

Før utbygging av veganlegget skal det utarbeidast ein byggeplan ihht. Statens vegvesen sine handbøker og retningslinjer.

1.9.2 Plan for ytre miljø

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø som skal sikre at alle relevante miljøkrav vert ivareteke i anleggs- og driftsfasen. Planen skal føreligge saman med byggeplanen.

§ 2**EIGARFORM****2.1 Offentlege formål**

2.1.1 Formål merka o_SV, o_SH, o_SR med tilhøyrande annan veggrunn- tekniske anlegg og annan veggrunn- grøntareal skal vere offentleg.

2.2 Felles formål

2.2.1 Formål merka f_SV, f_SGG, f_SPA med tilhøyrande annan veggrunn- tekniske anlegg og annan veggrunn- grøntareal skal vere felles. Felles veger er felles for dei eigedommane som har regulert tilkomst frå den aktuelle vegen.

§ 3**BYGNINGAR OG ANLEGG**

(pbl § 12 – 5 nr. 1)

3.1 Bustader

Gjeldande bruk av området er stadfesta i planen.

3.2 Fritidsbustader

Gjeldande bruk av området er stadfesta i planen

3.3 Næringsbygningar

Gjeldande bruk av området er stadfesta i planen

3.4 Energianlegg

Gjeldande bruk av området er stadfesta i planen.

§ 4**Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

(pbl § 12 – 5 nr. 2)

4.1 Veg

4.1.1 o_SV1 følgjer Statens vegvesen sin vegnormal 017 vegklassifisering UHØS1 og skal opparbeidast med utforming og vegbreidder som vist på plankartet.

4.1.2 Veghøgde skal vere i samsvar med plankart og profilteikning

4.1.3 Ved fyllingar høgare enn 3 meter og skråningar brattare enn 1:2 skal det vurderast å sette opp rekkverk langs veganlegget, i samsvar med gjeldande vegnormalar.

4.1.4 Murar skal fortrinnsvis opparbeidast i naturstein og skal gjevast ei estetisk utforming.

4.2 Gangveg/ gangareal

4.2.1 Gangvegar og gangareal skal opparbeidast med utforming og vegbreidder som vist på plankartet

4.3 Annan veggrunn – tekniske anlegg

4.3.1 Anna veggrunn tekniske anlegg skal romme tekniske installasjonar, murar, rekkverk m.m. som høyrer til veganlegget.

4.4 Annan veggrunn – grøntareal

4.4.1 Anna veggrunn grøntareal vert nytta til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter m.m. Det kan innanfor arealet plasserast veglys, nettstasjonar, rekkverk, og anna infrastruktur som er ein naturleg del av veganlegget.

4.5 Haldeplass/plattform

4.5.1 Haldeplassar for busstopp skal opparbeidast med kantstein

4.6 Parkering

4.6.1 f_SPA er felles. Parkeringsplassen skal nyttast til fritidsbustader i området.

4.7 Rasteplass

4.7.1 Det kan innanfor område o_SR etablerast rasteplass med tilhøyrande parkering og anlegg.

§ 5**Landbruks-, natur- og friluftsområder**

(pbl § 12 – 5 nr. 5)

5.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden

5.1.1 Gjeldande bruk av området er stadfesta i planen.

§ 6**OMSYNSSONER**

(pbl § 12-6)

6.1 Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11-8 a)**6.1.1 Frisiktsone**

6.1.1.1 Frisiktsoner er angitt på plankartet. I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 m over tilstøytande vegars plan. I frisiktsonene er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og planting o.a. som er til hinder for frisikt i ei høgde av 0,5 m over vegplanet.

6.1.2 Ras- og skredfare

6.1.2.1 Innanfor omsynssone ras- og skredfare skal det gjennomførast vurdering av skredfare med tilhøyrande sikringstiltak

6.1.3 Høgspenningsanlegg (inkl. kablar)

- 6.1.3.1 Det kan innanfor omsynssone høgspenningsanlegg ikkje etablerast konstruksjonar som kjem i konflikt med høgspenningsanlegg.

§ 7**Føresegner i reguleringsplan**


(pbl § 12 – 7)

7.1 Anlegg- og riggområde.

- 7.1.1 Areal avsett til anlegg- og riggområde kan nyttast til midlertidig område for rigg/anlegg. Områda skal berre nyttast til anlegg- og riggområde ved bygging av veg. Når vegen med tilliggjande areal er ferdigstilt skal areal tilbakeførast til underliggjande reguleringsføre mål og seinast innan eit år etter at vegtiltaket er fullført.

**Føresegnene er i samsvar med
kommunestyrets vedtak**

seksjonsleiar



Solbakken

Nordkvingo

Kvingo

Sørkvingevatnet

Sørkvingo

Einestrand

Masfjorden kommune Områdeplan Områdeplan - Einestrand - Nordre Kivnge Plangrense QBO <small>PLAN & ARKITEKTUR</small> <small>Havnveggje 53 Postboks 291, 5293 Os Telefon: 96 57 00 70</small>	Sted: Os	
	Dato: 05.12.2013	
	Målestokk: NA	
	Prosj.ansv.: OKD	
	Tegnet av: HM	
Kontrollert av: OKD		
Filnr.:		
Prosj.nr.	Tegn.nr.	Rev.

Masfjorden kommune
Områderegulering for FV 570

Strekninga
Einestrand – Nordkvingo
Plan-id 126620130003

Telefon
+47 56 57 00 70
Fax
+47 56 57 00 71
E-postadresse
post@abo-ark.no
Webadresse
www.abo-ark.no
Postadresse
Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
Hamnevegen 53, 5200 Os



Dato: 02.09.2014

Tiltakshavar:
Masfjorden kommune

1	BAKGRUNN	3
2	NØKKELOPPLYSNINGAR.....	3
3	MEDVERKNAD OG PROSESS.....	3
4	LOKALISERING OG AVGRENSING	4
5	PLANSTATUS OG FØRINGAR.....	5
6	SKILDRING AV PLANOMRÅDET (DAGENS SITUASJON).....	10
7	SKILDRING AV PLANFORSLAGET	18
8	KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET	39
9	MERKNADER / INNSPEL.....	45
10	VEDLEGG.....	57

1 Bakgrunn

Bakgrunn for planarbeidet er låg vegstandard og manglande tilbod til mjuke trafikantar. Masfjorden kommune ønskjer å sette i gang planarbeid for å ruste opp vegstrekk og i større grad legge til rette for ferdsel for mjuke trafikantar.

Tiltakshavar for planarbeidet er Masfjorden kommune i samråd med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. ABO Plan & Arkitektur AS er planfaglig konsulent.

2 Nøkkelopplysningar

Kommune	Masfjorden
Stad	Einestrاند – Nordkvingo
Gnr./bnr.	-
Forslagsstillar	Masfjorden kommune
Grunneigar (sentrale)	Statens vegvesen/Hordaland fylkeskommune mfl.
Dato plankart	02.09.2014
Dato reguleringsføresegner	02.09.2014
Eksisterande planstatus	KPA: Hovudveg, LNF- område og byggeområde for bustader, næringsverksemd, kombinert bebyggelse og anlegg, fritidsbustader.
Planområdets areal	207 daa
Reguleringsformål	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
Aktuelle problemstillingar	Trafikksikringstiltak, kulturminne, natur og miljø.
Kunngjeringsdato (avis)	12.12.2013
Varlingsdato (brev)	10.12.2013
Konsekvensutredningsplikt (j/n)	n
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	n

3 Medverknad og prosess

Oppstart av planarbeid vart varsla med brev til grunneigarar og offentlege instansar datert 10.12.2013. Oppstartsvarselet vart også kunngjort med annonse i avisa Strilen 12.12.2013 og på Masfjorden kommune sin nettportal. Frist for merknader var sett til 31.01.2013.

Det har i samband med planarbeidet vore heldt open kontordag på kommunehuset på Masfjordnes 15.01.2013 der eit stort tal på grunneigarar møtte fram.


I brev til grunneigarar datert 03.06.2014 vart det invitert til synfaring 18.06.2014 i samband med reguleringsplanen. Målet med synfaringa var å vise alle interesserte grunneigarar den planlagde traseen og berekna fyllings- og skjeringsutslag på dei einskilde eigedomane som vart råka. Det vart på synfaringdagen vist til oppmøtestad med tidspunkt. Representantar frå planleggjar, Masfjorden kommune og Statens vegvesen var til stade på synfaringa.

4 Lokalisering og avgrensning

Området er lokalisert langs Fv 570 Austfjordvegen. Planarbeidet gjeld strekninga langs Fv 570 frå Einestrاند til Nordre Kvinge mellom Heimsta Tjørna og Nodsta Tjørna. Planarbeidet omfattar ein korridor langs Fv 570 og skal sikre areal for utbetring av eksisterande veg og tilrettelegge for mjuke trafikantar. Vegkorridoren skal også gi rom for utbetring/sanering av eksisterande avkjørslar, busshaldeplassar og andre tilhøyrande anlegg.

Det vil være aktuelt å justere på fylkesveg 570 si linjeføring på enkelte punkt. Dette blir gjort for å betre vegens standard, samtidig som dette kan bidra til at arealinngrepa i tilgrensande eigedomar vert avgrensa i størst mogleg grad.

Ved varsel om oppstart vart plangrensa varsla om lag 40 meter ut frå kvar side av vegen og med nokre utvidingar. Totalt varsla areal er 538 daa



Figur 1: Kart som viser planområdet ved varsel om oppstart.

5 Planstatus og føringar

5.1 Rikspolitiske retningslinjer

Rikspolitisk retningslinje for å styrke barn og unges interesse i planlegginga

I ny plandel av plan- og bygningslova frå 1. juli 2009 er krav til verkemiddel for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga styrka. Formålet med retningslinjene er at alle etter lova skal ta omsyn til barn og unge i si planlegging, og legge til rette for gode bustadmiljø og gode oppvekst og levekår.

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging

Målsetning med retningslinja er at arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at de fremjar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysningar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, god trafikksikkerheit og effektiv trafikkavvikling.

Rikspolitisk retningslinjer for universell utforming

I all planlegging skal følgjande ettestrebast:

- I byar og tettstader planleggast ny utbygging lokalisert til eksisterande sentrum og knutepunkt i kollektivsystemet for å betre tilgangen til aktivitetar og service. I planlegging tas det særleg omsyn til den delen av befolkninga som har lavast mobilitet.
- Bygeområde planleggast utforma med tilfredsstillende tilkomst til alle bygningar, og med vegar og gangvegar som gir god tilkomst for personar med nedsett funksjonsevne.
- Uteareal, felles uteareal i tilknytning til bustadbygging, uteareal for skular og barnehagar, fellesområde, offentlige område m.m., vert planlagt utforma med tilfredsstillende tilkomst for alle, slik at områda gir aktivitetsmoglegheiter for alle.
- Arbeidsplassar, omsorgstilbod og bustader for grupper med behov for særleg tilrettelegging vert planlagd lokalisert på bakgrunn av samla vurdering av konsekvensar knytt til nytteleg, sosial inkludering, utbyggingsmønster, transport, lokalklima m.m.
- Transportinfrastruktur vert planlagd utforma og tilrettelagt slik at den kan nyttast av alle, i så stor utstrekning som mulig.

Nye og eksisterande friområde og friluftsområde vert planlagd utforma med tilfredsstillende tilkomst for alle, slik at områda er brukbare og gir aktivitetsmoglegheiter for alle.

5.2 Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune

Masfjorden kommunestyre gjorde 12.06.2013 vedtak om oppstart av arbeid med trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2013 – 2025.

Arbeidet med trafikksikringsplanen er starta opp med bakgrunn i trafikksikringstiltak

- Rundt skular og barnehagar
- I forhold til møtestader som institusjonar / næringsområde / aktivitetsområde / badeplassar / tilgang til friområde
- På ulykkespunkt og i tunnelar
- Rundt busstopp


Mandat

Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune skal skildre vegnettet i kommunen. Vegnettet er 3-delt; stamveg (E39), fylkesvegar og kommunale vegar. For fylkesvegar vil hovudtema vere:

- Tunnelar
- Bruer
- Busstopp/busskur
- Ulykkespunkt / fartsgrenser

5.3 Kommuneplanens arealdel 2012 - 2024


Tiltaket følger fylkesveg 570 med breiddeutviding i forhold til eksisterende veganlegg. Planområdet råkar tilgrensande areal og formål. Sjølve vegbana er vist som hovudveg i kommuneplanen 2012-2024. Langs vegen er areala sett av til LNF- område, bustader, hytter, næringsverksemd, kombinert bebyggelse og anleggsmål og LNFR- areal med spreidd bustadbygging. Delar av området kring Nordkvingo er vist som omsynssone for landbruk. Avgrensning



Figur 2: Utsnitt av kommuneplanens arealdel 2012 – 2024.

5.4 Reguleringsstatus

Området er i hovudsak uregulert, med unntak av Skolten bustadområde (PlanID: 126619900002). Planarbeidet grensar til Einestrands bustadfelt (PlanID: 126620070005). Det er elles ikkje kjennskap til anna pågåande reguleringsarbeid i eller i nærleiken av planområdet.




Figur 2: Reguleringsplan for Skolten bustadfelt PlanID: 126619900002

5.5 Norm for vegbygging


Planarbeidet omfattar fylkesveg 570 og tek utgangspunkt i Statens vegvesens handbok 017 (2013). For planarbeidet er det lagt til grunn utbetningsstandard med vegklasse U-Hø1 for 80 km/t skal nyttast på strekninga. Vegklassen vert nytta ved utbetring av hovudvegar med fartsgrense på 80 km/t. Vegklassen legg til rette for ei samla vegbreidde på 6,5 meter. Dette inneber kjørefelt på 2 x 2,75 m og vegskulder på 2 x 0,5m. For mjuke trafikantar vert det lagt til rette for einssidig utvida skulder på 1,5 m. Vegklassen vert nytta der årstdøgntrafikken (ÅDT) er mindre enn 1 500.

	U-H_ø1
Vegtype	
ÅDT	<1,5'
Fartsgrense [km/t]	60/80
Tverrprofil [m]	6,5
Skulder [m]	0,5
Kjørefelt 1 [m]	2,75
Indre skulder [m]	
Skille kjøreretninger [m]	
Indre skulder [m]	
Kjørefelt 2 [m]	2,75
Skulder [m]	0,5
Alternativ utforming [m]	
Min. horisontalkurveradius [m]	100/200
Min. klotoide [m]	65/110
Stopsikt [m]	60/100
$\Delta st1_{(stigning)}$	-4/-8
$\Delta st2_{(fall)}$	5/11
Forbikjøringsikt [m]	-/450
Min. vertikalkurveradius, høy [m]	600/1500
Min. vertikalkurveradius, lav [m]	600/1000
Maks. overhøyde [%]	8
Maks. stigning [%]	8
Maks. resulterende fall [%]	11,3
Min. resulterende fall [%]	2
Kryssløsning	T,R
Avstand mellom kryss	250
Min. horisontalkurveradius [m]	175/350
Min. vertikalkurveradius, høy [m]	900/2500
Avkjørsler	B
Min. vertikalkurveradius, høy [m]	
Avstand mellom stopplommer [km]	
Forbikjøring	
Eget- eller motg. felt	
Belysning	I
Dimensjonerende kjøretøy	VT
Dimensjonerende kjøremåte	B

Figur 3: Dimensjoneringsklasse for veg – Standardkrav. (Statens vegvesen handbok 017)



Figur 4: Normalprofil for U-Hø1



Figur 5: Normalprofil for U-Hø1 med utvida skulder for mjuke trafikantar. Prinsippet vert nytta for opprusting av Fv570 på strekninga Einestrand - Nordkvingo.

6 Skildring av planområdet (dagens situasjon)

6.1 Storleik og bruk

Planområdet er på totalt ca 207 daa. Området vert i dag hovudsakeleg nytta til veg, landbruk, byggeområde m.m. Planområdet omfattar og eigedommar som grensar til eksisterande vegtrase.

6.2 Tilgrensande arealbruk

Bruken av areal som grensar til eksisterande veg er hovudsakleg bustader, næringsareal, landbruksområde, utmarksområde og trafikkareal. Høgspenlinjer i luftstrekk følgjer vegen langs store delar av planområdets utstrekning. Det er lokalisert nokre næringsområde med avkjøring frå fylkesvegen. Nokre av verksemdene er avhengig at tilkomst med lastebil. I tilknytning til Marine Harvest Norway AS sitt anlegg i Skutevika er det i sørenden av Sørkvingevatnet etablert demning og røyrgate ned til anlegget.



Figur 6: Temakart som viser høgspenlinjer, næringsområde, røyrgate og demning.

6.3 Veg og trafikk


Fylkesveg 570 går frå E39 ved nordenden av Husdalsvatnet og til Fv 57 ved Steine. Parsellen som er omfatta av planarbeidet går frå Einestrand til Norsta og Heimsta Tjørna på Nordre Kvinge. Vegstrekka har registrert ÅDT på 400 frå Einestrand til sørenden på Kvingedalsvatnet. Frå Kvingedalsvatnet og vidare mot Masfjordnes er ÅDT på 350. Vegbreidda på eksisterande veg varierer frå 3,3 m og oppover. Fartsgrensa på eksisterande veg er 80 km/t. Det er i planområdet mange avkjøringer til private bustadhus, næringsverksemdar, jordbruksavkjørsler m.m. Veg til Kvingedalen, Kvingebakken, Skolten, Mjånesvegen og veg til Einestranda er kommunale vegar med avkjøring frå Fv 570. Andre vegar med avkjøring frå fylkesvegen er i hovudsak felles og private vegar. Det er langs vegstrekka registrert 5 ulykker med personskade i perioden 2003-2012. Det er 8 busstopp langs strekninga. Busstoppet på Sørkvingo er opparbeida med busslomme og leskur, busstoppet ved Skolten bustadområde er oppført som kantstopp med leskur. Resten av busstoppa er kantstopp utan leskur.




Figur 7: Temakart som viser ÅDT på vegnettet, busstopp og registrerte ulykker. (Statens vegvesen, nasjonal vegdatabank)

6.4 Landskap, vegetasjon og naturmangfold

I Institutt for skog og landskap sin rapport "Landskapskartlegging av Hordaland fylke" ligg planområdet i landskapsregion 21 "ytre fjorbygder på vestlandet". I rapport "Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke" ligg planområdet innanfor "småfjord og storsundlandskap" og breie fjordlaup, fjordmøter og opne fjordmunningar". Landskapet er i rapporten klassifisert som vanleg førekommande og landskap med middels verdi. Planområdet følgjer eksisterande fylkesveg og famnar om tilgrensande sideareal. Landskapet langs vegen er varierende frå bratte fjellsider til avflata parti som går gjennom kulturlandskap. Berggrunnen i planområdet er i hovudsak beståande av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt og mindre felt av kvartsitt og amfibolitt. (kjelde: NGU) Lausmasedekket er i hovudsak beståande av bart fjell med stadvis tynt lausmasedekke, skredmateriale og tynt morenedekke. (Kjelde: NGU)



Figur 8: Kartutsnitt som viser berggrunnen i planområdet. (Kjelde: NGU)



Figur 9: Kartutsnitt som viser lausmasedekket i planområdet. (Kjelde: NGU)

Skog langs planområdet er vekslende furudominert, lauvdominert og blandingsskog. Det er registrert nokre mindre felt med gran langs vegstrekka. Alder på skogen varierer frå ungskog < 4 år til gamal skog > 81 år. Boniteten på skogen varierar langs planområdet frå lav bonitet til sær høg bonitet. Delar av planområdet går gjennom kulturlandskap med landbruksinteresser. Det er registrert fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite i tilknytning til vegen. Landbruksområda er i hovudsak lokalisert til Sørkvingelia, Sørkvingo og Nordkvingo.



Figur 10: Kartutsnitt som viser lokalisering av landbruksareal som ligg innanfor og i tilknytning til varsla plangrense.

Det er i databasen Naturbase frå Miljødirektoratet registrert vinterbeite for hjort på Tjørnabakken – Stranda og Kjerringtåna. Det er registrert trekkveg for hjort som kryssar planområdet nord for Nordkvingo. Det er ikkje registrert utvalde naturtypar, prioriterte artar eller verneområde i tilknytning til planområdet. I Artsdatabanken er det registrert artar oppført i "Norsk rødliste 2010". Registreringane er gjort i tilknytning til landbruksareala på Nordkvingo. Registrerte artar oppført i "Norsk rødliste 2010" innanfor planområdet er strandsnipe og stær, begge i kategorien NT (nær trua). Det er også registrert ei mengd fuglar i tilknytning til landbruksareala som ikkje er oppført i "Norsk rødliste 2010".



Figur 11: Temakart som viser registrert vinterbeite for hjort, trekkveg og observasjon av artar oppført i Norsk rødliste 2010.

6.5 Kulturminne

Det er fleire SEFRAK- registrerte bygg langs strekninga. Ca 15 av dei SEFRAK registrerte bygga ligg innanfor ein avstand frå vegen på ca 50 meter. Resten av dei registrerte bygningane langs vegen har større avstand til vegbanen og det er ikkje venta at dei vil bli råka av planarbeidet. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. I tilknytning til eksisterande veganlegg og landbruksområder er det eit stort innslag av steingjerder og tørrmurar.



Figur 12: Kartutsnitt som viser lokalisering av SEFRAK registrerte bygg og steingjerder.

SEFRAK registrerte bygg, landbruksareal og nyare tids kulturminne/steingjerder er kartfesta på eige kartvedlegg: Oversikt landbruk/kulturminne i målestokk 1:4000 (A0)

6.6 Foto



Figur 13: Skråfoto av eksisterande veg frå Einestrand mot Sørkvingelia.



Figur 14: Skråfoto av eksisterande veg langs Sørkvingelia.



Figur 15: Skråfoto av eksisterande veg frå Sørkvingevatnet mot Stokkleiva.



Figur 16: Skråfoto av eksisterande veg på Nordkvingo, Kvingedalsvatnet og mot Eidsbrekkene.

7 Skildring av planforslaget

7.1 Reguleringsføremål og arealoversikt

Reguleringsføremål	Underføremål	Areal daa
Bygningar og anlegg	Bustader	3,82
	Fritidsbustader	3,48
	Næringsbygg	0,55
	Energianlegg	0,15
	Forretning / tenesteyting	1,12
Samferdsel og teknisk infrastruktur	Veg	56,32
	Gangveg	0,19
	Annan veggrunn - tekniske anlegg	4,28
	Annan veggrunn - grøntareal	77,06
	Haldeplass / plattform	1,12
	Parkering	0,19
	Rasteplass	1,21
Landbruks-, natur- og fritidsformål	LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden	57,81
SUM		207,3

7.2 Bygningar og anlegg

Planforslaget regulerer ikkje bygningar som skal stå i kraft av planen med unntak av busskur og nettstasjonar. Nettstasjonar er i plankart regulert til energianlegg.


Areal i planen som er sett av til formål bustader, fritidsbustader, næringsbygg og forretning / tenesteyting følger planstatus i gjeldande reguleringsplan og kommuneplanens arealdel. Alt areal regulert til bygningar og anlegg, med unntak av energianlegg er omfatta av områdebestemmelse, anlegg- og riggområde.

7.3 Veg


Hovudføremålet med planarbeidet er opprusting av kjørevegen, samt etablere betre løysinga for mjuke trafikantar.

Det planlagde vegsystemet følgjer i hovudsak Statens vegvesen sin vegnormal 017 med vegklassifisering U-Hø1 for 80 km/t. Vegklassen vert nytta for hovudvegar med ÅDT <1500.


For å gi eit betre tilbod til mjuke trafikantar vert det etablert einsidig utvida skulder på 1,5 m. Denne er planlagt skild frå kjørebana med oppmerking og er lagt på nordsida av planlagt opprusta veg. Følgjande normalprofil vert nytta for vegen:



Figur 17: Normalprofil av veg med einsidig utvida skulder som fortausløyising.




Figur 18: Normalprofil av veg med fortau/utvida skulder i tilknytning til kantstopp for buss.




Figur 19: Normalprofil av veg med fortau/utvida skulder i tilknytning til busslomme.

Busstopp langs vegstrekka er planlagt som kantstopp og busslommer. For busslommer og kantstopp på sørsida av vegen, der det ikkje er gjennomgåande utvida skulder er det lag til rette for utvida skulder på 1,5m i busstoppets lengde, eller med tilknytning til sideveg. Dette arealet skal fungere som oppstillingsareal for fotgjengarar. Busslommer og kantstopp er planlagt med kantstein. Det er i planen lagt til rette for følgjande busstopp:


Profil	Type busstopp	Retning med profil
-	Kantstopp	Venstre / Aust for planområdet
20	Kantstopp	Høgre
750	Kantstopp	Venstre
1050	Kantstopp	Høgre
2500	Busslomme	Venstre
2580	Busslomme	Høgre
3160	Busslomme	Venstre
3350	Busslomme	Høge
3480	Kantstopp	Venstre
4500	Kantstopp	Venstre
4410	Kantstopp?	Høgre
4950	Busslomme	Venstre
5010	Busslomme	Høgre
5350	Kantstopp	Venstre
5470	Kantstopp	Høgre



Figur 20: Prinsipp for plassering av fortausløyising på utvida skulder




Figur 21: Prinsipp for fortausløyising i tilknytning til kantstopp



Figur 22: Prinsipp for fortausløsning i tilknytning til busslommer

Det er langs vegstrekket lagt til rette for å oppretthalde / etablere nye jord-/skogbruksavkjørsler og avkjørsler som også sikrer tilgang til skog- og jordbruksareal på følgende stader:

Profil	Gnr. / bnr.	
330	38/4	
1095	38/1	
1200	38/4	
1265	38/4	
1390	38/5	
1825	38/1	
2455	38/1	Avkjørsel frå sekundærveg
2620	38/13	Avkjørsel frå sekundærveg
3410	38/12	Avkjørsel frå sekundærveg
4055	37/11	Avkjørsel frå P-plass
4125	37/11	
4540	37/5	Avkjørsel frå sekundærveg
4885	37/9	
5085	37/2 og 4	
5130	37/5	
5240	37/5	
5370	37/7	
5515	37/5	
5635	37/5	
5940	37/5	



Figur 23: Figur E.26 fra vegnormal 017 som viser frisikt.

Trafikk i avkjørsel	Fartsgrense [km/t]			
	30 og 40	50 og 60	80	90
ÅDT < 50	3	4	4	6
ÅDT > 50	4	6	6	8


Figur 24: Tabell E.6 fra vegnormal 017 vedrørende frisikt.

Det er ved avkjørsler lagt inn frisikt med $L1 = 100\text{m}$ og $L2 = 4\text{m}$ jmf. figur 23. Dette er ihht. fartsgrense 80 km/t, stoppsikt på 100 m og trafikk i avkjørsler med ÅDT < 50.


Det er for utbetningsstandard U-HØ1 ikkje krav til forbikjøring, det er derfor ikkje berekna forbikjøringssikt.

Krysset på Nordkvingo har i planarbeidet vore ei utfordring å finne tilfredstillande løysing på. Ein har i dialog med Masfjorden kommune / Statens vegvesen diskutert fleire alternativ. Målet har vert å finne ei løysing som ligg tett opptil krava i vegnormal 017, men som også er realistisk i forhold til økonomisk gjennomføring.


Følgjande løysingar har blitt teikna ut og vore gjenstand for diskusjon med Masfjorden kommune, Statens vegvesen og i samband med synfaring med grunneigarar.:



Figur 25: Toplans kryssløysing med bru og planskilt kryssing av fylkesvegen. Løysinga medfører etablering av fleire bruer og er vurdert som svært kostnadskevjangende. (Løysinga er teikna av Constrada AS)



Figur 26: Løysing med samla avkjøring til Kvingebakken, og eit kryss mot Kvingedalen. Løysinga gir ikkje rom for etablering av busstopp ved krysset og medfører større inngrep på landbruksjord.



Figur 27: Løsning der ein samlar avkjøringa til Kvingebakken og felles veg. Løysinga inneber etablering av avkjørsle i busstopp. Medfører endring av Kvingebakken og etablering av ny bru til busnaden nord for krysset.



Figur 28: Løsning tilsvarende som fig. 27, men med kantstopp i staden for busslomme ved profil 4950. Alternativet er lagt til grunn for planforslaget

7.4 Parkering / rasteplass

Det er i planforslaget ved profil 4060 lagt til rette for parkering til fritidsbustader. Det er lagt til rette for 5 parkeringsplassar.

Ved profil 2760 – 2830 vert planlagt veg lagt i ny trase lenger sørvest for Sørkvingevatnet. For eksisterande veg som ikkje lenger vert nytta til kjøreveg er det lagt til rette for rasteplass. Rasteplassen sikrar også tilgang til naust og utplanert areal ved Sørkvingevatnet.

7.5 Støyskjerming

Det er i samband med planarbeidet ikkje utarbeidd støyfagleg vurdering. Dette på grunn av svært avgrensa trafikkmengde på vegstrekka. Planarbeidet er utarbeidd med bakgrunn i dårleg standard på eksisterande veg, og ikkje som følgje av forventa auka trafikkmengde. Planen medfører ikkje auka trafikk på vegnettet. Statens vegvesen utarbeidde i 2011 støyvarselkart ihht. T-1442 for Masfjorden kommune – del I vest. Analysen var berekna med trafikkprognose for år 2025. Berekningshøgda var 4 meter. I det utarbeidde kartet er det svært få bygg som ligg innanfor gul støysone med L_{den} 55 dB.



7.6 Anleggsarbeid

Det er utanfor berekna skjering/fylling sett av 5 meter med anlegg- og riggområde. I tilknytning til område der det er behov for større skråningar/skjeringar eller tilpassing til tilgrensande jordbruksområde eller bygningar er dette arealet noko utvida/innskrenka.

7.7 Grøntstruktur

Det er langs veganlegget regulert anna veggrunn grøntareal. Dette skal tene som eit grønt sideareal til veganlegget. Det er i reguleringsføresegnene opna opp for at veglys, murar, rekkverk og andre funksjonar knytt til veganlegget kan plasserast innanfor føremålet.

7.8 Sol- og skyggeforhold

Planforslaget legg ikkje til rette for bygningar eller tiltak som vil endre sol og skyggeforholda i planområdet eller i omkringliggjande områder.

7.9 Avvik frå vegnormalen:

Planlagt veg avvik frå Statens vegvesen sin vegnormal 017. Grunnlaget for fråvik er ihht. utbetningsstandard U-Hø1 80km/t. Fråvik er observert på følgjande stader:

		Vegnormal 017 Krav	Parameter	
		8%	Stigning	
		200	Horisontalkurvatur	
		1500 m	Vertikalkurvatur (Høg)	
		1000 m	Vertikalkurvatur (Lav)	
		110 m	Klotoide	
		100 m	Stoppsikt (framover)	
		100 m	Stoppsikt (bakover)	
Frå Profil	Til Profil	Vegnormal 017 Krav	Resultat i vegmodell / planforslag	Kommentar
Stigning				
3193,49	3221,1	8%	9,65%	
3774,61	3800,42	8%	8,89%	
3951,72	3954,93	8%	10,10%	
5016,05	5062,26	8%	9,18%	
Horisontalkurvatur				
47,00	53,52	200 m	150,00 m	
192,53	195,30	200 m	150,00 m	
518,11	622,23	200 m	150,00 m	
1074,71	1078,15	200 m	150,00 m	
1305,20	1327,39	200 m	150,00 m	
1795,39	1942,58	200 m	169,00 m	
1992,58	1995,71	200 m	85,00 m	
2235,18	2242,56	200 m	150,00 m	
2682,38	2684,79	200 m	150,00 m	
2918,72	2941,86	200 m	80,00 m	
3342,02	3377,08	200 m	150,00 m	
3410,42	3460,92	200 m	150,00 m	
3566,77	3615,89	200 m	75,00 m	
3842,08	3938,82	200 m	70,00 m	
4060,31	4144,37	200 m	120,00 m	

4455,46	4490,31	200 m	110,00 m	
4561,67	4650,70	200 m	95,00 m	
4814,40	4838,21	200 m	150,00 m	
4871,55	4899,35	200 m	150,00 m	
5069,10	5130,59	200 m	150,00 m	
5318,55	5319,57	200 m	150,00 m	
Vertikalkurvatur (høg)				
1731,56	1801,35	1500 m	1200,00 m	
2772,99	2823,16	1500 m	1000,00 m	
3422,41	3476,10	1500 m	1000,00 m	
3496,38	3520,14	1500 m	1000,00 m	
3729,87	3774,61	1500 m	800,00 m	
4349,08	4397,47	1500 m	800,00 m	
4523,30	4604,10	1500 m	1200,00 m	
5440,89	5516,84	1500 m	1000,00 m	
Vertikalkurvatur (Lav)				
1801,35	1869,65	1000 m	800,00 m	
2870,36	2905,24	1000 m	800,00 m	
3800,42	3951,72	1000 m	800,00 m	
4883,68	5016,05	1000 m	800,00 m	
5292,71	5382,67	1000 m	800,00 m	
Klotoide				
23,00	47,00	110 m	60,00 m	
53,52	77,52	110 m	60,00 m	
168,53	192,55	110 m	60,00 m	
195,30	219,30	110 m	60,00 m	
353,56	383,64	110 m	95,00 m	
391,45	421,53	110 m	95,00 m	
457,94	518,11	110 m	95,00 m	
622,23	682,40	110 m	95,00 m	
1014,55	1074,71	110 m	95,00 m	
1078,15	1138,31	110 m	95,00 m	
1245,04	1305,20	110 m	95,00 m	
1327,39	1387,56	110 m	95,00 m	
1762,06	1778,72	110 m	81,65 m	
1778,72	1795,39	110 m	53,07 m	
1942,58	1967,58	110 m	65,00 m	
1967,58	1992,58	110 m	46,10 m	
1995,71	2052,16	110 m	69,27 m	
2094,26	2119,26	110 m	79,06 m	
2119,26	2144,26	110 m	79,06 m	
2201,84	2218,51	110 m	64,55 m	
2218,51	2235,18	110 m	50,00 m	
2242,56	2302,72	110 m	95,00 m	
2644,88	2682,38	110 m	75,00 m	
2684,79	2722,29	110 m	75,00 m	
2902,06	2918,72	110 m	36,51 m	
2941,86	2986,86	110 m	60,00 m	
3309,36	3342,02	110 m	70,00 m	
3377,08	3393,75	110 m	50,00 m	

3393,75	3410,42	110 m	50,00 m	
3460,92	3521,08	110 m	95,00 m	
3533,44	3566,77	110 m	50,00 m	
3615,89	3649,22	110 m	50,00 m	
3805,36	3842,08	110 m	50,00 m	
4400,15	4455,46	110 m	78,00 m	
4490,31	4545,62	110 m	78,00 m	
4650,70	4703,76	110 m	71,00 m	
4754,23	4814,40	110 m	95,00 m	
4838,21	4854,88	110 m	50,00 m	
4854,88	4871,55	110 m	50,00 m	
4899,35	4959,52	110 m	95,00 m	
5036,43	5069,10	110 m	70,00 m	
5130,59	5147,25	110 m	50,00 m	
5258,38	5318,55	110 m	95,00 m	
5319,57	5357,07	110 m	75,00 m	
Stoppsikt (Framover)				
190	240	100 m	88 – 98 m	Flate i vegprofilet
472	550	100 m	92 – 99 m	Flate i vegprofilet
1372	1430	100 m	80 – 98 m	Flate i vegprofilet
1690	1726	100 m	80 – 98 m	Flate i vegprofilet
1936	1974	100 m	84 – 98 m	Flate i vegprofilet
2716	2766	100 m	83 – 94 m	Flate i vegprofilet
3370	3423	100 m	88 – 99 m	Flate i vegprofilet
3492	3588	100 m	67 – 98 m	Flate i vegprofilet / terrengflate
3670	3720	100 m	64 – 92 m	Flate i vegprofilet
3964	3988	100 m	91 – 98 m	Flate i vegprofilet
4305	4346	100 m	72 – 95 m	Flate i vegprofilet
4476	4614	100 m	72 – 96 m	Flate i vegprofilet
5100	5200	100 m	82 – 97 m	Flate i vegprofilet
5390	5460	100 m	70 – 98 m	Flate i vegprofilet
Stoppsikt (Bakover)				
5724	5710	100 m	90 – 98 m	Flate i vegprofilet
5570	5500	100 m	68 – 90 m	Flate i vegprofilet
5312	5220	100 m	78 – 96 m	Flate i vegprofilet
5190	5118	100 m	83 – 96 m	Flate i vegprofilet / terrengflate
4701	4587	100 m	78 – 98 m	Flate i vegprofilet / terrengflate
4458	4408	100 m	64 – 98 m	Flate i vegprofilet
3830	3780	100 m	70 – 88 m	Flate i vegprofilet
3670	3606	100 m	78 – 98 m	Flate i vegprofilet
2870	2829	100 m	73 – 90 m	Flate i vegprofilet
1832	1800	100 m	82 – 98 m	Flate i vegprofilet
1540	1477	100 m	82 – 93 m	Flate i vegprofilet
340	296	100 m	83 – 96 m	Flate i vegprofilet
100	100	100 m	91 m	Flate i vegprofilet

7.10 Risiko- og sårbarheit

7.10.1 Metode og definisjonar

Risiko kan definerast som: **Risiko = Frekvens x Konsekvens**

Risiko vert knytt til uønska hendingar. Der det vert vurdert at det føreligg ein viss risiko er det ikkje alltid mulig å fastslå verken konsekvens eller sannsynet for at ei hending opptrer. Det blir derfor gjort ei vurdering av forholda i planområdet der ein nyttar tidlegare registreringar og synfaring i planområdet. Analysen vert først gjennomført som ei grovanalyse, der ein vurderer potensiell overordna risiko i planområdet. Ved funn i registreringa som tilseier at ei risiko- og sårbarheitsanalyse bør gjennomførast, vert temaer markert med **x**. Dersom det er tema som peikar seg ut (t.d. skredfare, grunnforhold og støy), vert det vurdert om det er behov for meir spesialisert fagkunnskap. Ved bestilling av tekniske rapportar vert desse nytta som underlagsmateriale til gjennomføring av ros- analysen.

Vurdert konsekvens og sannsyn av ei hending vert plassert inn i ei matrise, der vektning av dei tre kartleggingsområda, menneskes liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar/økonomi er gitt. Vektinga vert gitt ved vurdering av dei ulike kartleggingsområda. Dersom registreringa viser at det er nødvendig med avbøtande tiltak, vert det foreslått risikoreduserande og/eller skadeavgrensande element som kan redusere risikoen slik at denne ligg innanfor eit akseptabelt nivå.

Det er ikkje for alle område som vert vurdert i ros- analysen, mogleg å fastslå verken konsekvens eller sannsyn for at hendinga inntreffer. Det kan likevel for desse områda verta påpeikt risiko for å synleggjere at kartleggingsområdet skal visast merksemd i vidare planlegging og utbygging av området. Det vert for dei aller fleste tema som vert vurdert i ros- analysen gitt ein kort kommentar og/eller ei kort beskriving av risikoen. For tema som er mindre aktuelle vert det gitt ein kort kommentar om kvifor temaet ikkje er aktuelt for området. Det vert først gjennomført ei registrering av forholda i planområdet. Dersom det er tema i kartleggingsområdet som utpeikar seg vert desse vidareført til kapittelet om "Aktuell risiko" og hendinga vert ført inn i risikomatrissa med antatt sannsyn og konsekvens.

Konsekvensinndelinga er utleia av "Veiledning om tekniske krav til byggverk". Frekvensinndelinga er utleia av føresegnene i byggt teknisk forskrift og vedtatt av kommunestyret i Masfjorden kommune 09.12.2010.

Tabell 1 og 2 viser definisjonar nytta om konsekvens og sannsyn.

SANNSYN	VEKT	DEFINISJON
Særs sannsynleg	5	Ei hending pr. år eller oftare
Mykje sannsynleg	4	Ei hending pr 1 – 10 år
Sannsynleg	3	Ei hending pr 10 – 100 år
Mindre sannsynleg	2	Ei hending pr 100 – 1000 år
Lite sannsynleg	1	Mindre enn ei hending pr 1000 år


Tabell 1: Klassifisering av sannsyn


KONSEKVENNS	VEKT	LIV OG HELSE	YTRE MILJØ	MATERIELLE VERDIAR
Katastrofalt	5	Meir enn 3 døde, eller 10 alvorleg skadde	Varig større skade på ytre miljø.	Skader for meir enn 60 mill.
Kritisk	4	Inntil 3 døde. Eller fare for inntil 10 alvorleg skadde.	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø	Skader mellom 5 mill – 60 mill
Alvorleg	3	Inntil 4 alvorleg personskader, eller mange mindre personskade, men med sjukefråvær. Vesentlege helseplager og ubehag	Store skader på ytre miljø, men som vil utbetrast på sikt.	Skader mellom 500 000 – 5 mill
Ein viss fare	2	Mindre skader som treng medisinsk handsaming ev. kortare sjukefråvær.	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrast på kort sikt	Skader mellom 50 000 – 500 000
Ufarleg	1	Ingen eller små personskader.	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø	Skader for inntil 50 000


Tabell 2: Klassifisering av konsekvens

RISIKOMATRISJE						
SANNSYNLEG	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
KONSEKVENNS						

Tabell 3: Risikomatrix for liv og helse

 Medfører uakseptabel risiko. Det skal utførast meir detaljert ROS-analyser for å eventuelt avkrefte risiko eller avklare om risikoreduserande tiltak kan gjennomførast

 ALARP-sone, dvs tiltak kan gjennomførast for å redusere risikoen. Detaljert ROS-analyse. Det vil vere naturleg å legge ein kost / nytte analyse til grunn for vurdering av fleire risikoreduserande tiltak.

 I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar

Tabell 4: Akseptkriteria nytta i risiko- og sårbarheitsanalysen.

7.10.2 Registrering

Naturbasert risiko og sårbarheit				
Uønska hending/ forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær www.met.no / www.nve.no				
Sterk vind				I ”appendiks til rapport nummer KVT/ØB/2009/038” (Kjeller Vindteknikk, NVE)- vindkart for Norge, er planområdet vist med årsmiddelvind i 50 meters høde på 5,5-6,0 m/s. Sterk vind fører sjeldan til skade på menneske, men kan medføre skog og bygningsskadar. Skadar som oppstår er gjerne som fylgje av lausrivne bygningselement og rotvelt av skog. Det er ikkje planlagt bygg eller anlegg som vil bli særleg vindutsett.
Store nedbørsmengder				I rapporten ”Hydrological projections for floods in Norway under a future climate” (Lawrence og Hisdal 2011, NVE rapport 5-2011) går det fram at på Vestlandet vil vassføringa I ein 200 års flom sannsynleg auke med meir enn 20% dei neste 100 åra. Store nedbørsmengder kan medføre flaum og utløyseing av skred. Dette vert vurdert under tema lausmasseskred. Det er elles ikkje venta at store nedbørsmengder vil medføre risiko for det planlagde tiltaket.
Store snømengder				Området ligg i ein oseanisk sone med milde vintrar. Store snømengder er ikkje vurdert å medføre risiko for planforslaget.
Flaumfare www.nve.no				
Flaum i elvar / bekkar			X	Det renn nokre mindre bekkar under Fv 570 og to elver frå Sørkvingevatnet og Kvingedalsvatnet.
Flaum i vassdrag/ innsjøar			X	Planområdet grensar til Sørkvingevatnet og Kvingedalsvatnet. I tilknytning ti ISørkvingevatnet er det oppført demning.
Overvasshandtering				Overvasshandtering vil vere del av detaljprosjektering.
Springflo / stormflo				Planområdet grensar ikkje til sjø.
Historisk flomnivå				Ikkje registrert
Skredfare www.skrednett.no / www.nve.no				
Kvikkleireskred				Det er i databasen skrednett ikkje registrert aktsemdsområde for kvikkleire innanfor planområdet.
Lausmasseskred	X		X	I følgje lausmassekart frå NGU er planområdet hovudsakelig bestående av morene med varierende mektigheit, skredmateriale og fast fjell med stadvis tynt lausmassedekke. Delar av planområdet ligg i tilknytning til bratt terreng.
Is – og snøskred	X		X	Store delar av planområdet er i databasen skrednett vist som aktsemdsområde for snøskred.
Fjellskred, steinsprang	X		X	Delar av planområdet i Sørkvingelia og på Nordkvingo er i databasen skrednett vist som aktsemdsområde for steinsprang.
Historiske hendingar				Følgjande hendingar er registrert i databsen skrednett: <ul style="list-style-type: none"> - 14.05.2009 Steinsprang i Sørkvingelia - 28.04.2010 Steinsprang på Sørkvingo - 28.04.2010 Steinsprang ved Heimsta Tjørna Alle hendingar var steinsprang med skade på veg som konsekvens.
Andre uønska hendingar www.dsb.no / www.ngu.no				
Skog- og vegetasjonsbrann				Det er ikkje registrert skogbrannar i Masfjorden kommune i perioden 2001-2010. Det er ikkje planlagt brannfølsame tiltak ved skogsområde. Skogbrann vert ikkje vurdert som ein risiko for planområdet.
Jordskjelv				Jordskjelvfaren i Noreg er moderat. Det er berre registrert nokre få historiske jordskjelv som har gitt skadeverknader på bygningar og infrastruktur.

Verksemdsbasert risiko og sårbarheit				
Uønska hending/ forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Brann/eksplosjon www.dsb.no				
Brannfare				Det er ikkje planlagt særskilte brannobjekt i planområdet.
Ekspløsjonsfare				Det er ikkje planlagt tiltak som medfører eksplosjonsfare i planområdet.
Energitransport				
Høgspenning				Høgspenning kryssar planområdet. Det er ikkje planlagt bygningar eller anna følsam arealbruk i nærleiken av høgspenning.
Gass				Det er ikkje infrastruktur for gass i planområdet.
Forureina vatn www.klif.no				
Drikkevasskjelde				Planområdet har ikkje avrenning mot klausulerte drikkevasskjelder
Nedbørsfelt				Nedslagsfeltet går hovudsakeleg til sjø, men mindre delar av planområdet vil få avrenning mot Sørkvingevatnet og Kvingedalsvatnet.
Forureining – grunn www.sft.no				
Kjemikalieutslepp				Det er ikkje registrert grunnforureining i planområdet.
Forureining - luft				
Støv/partiklar/røyk				Det er ikkje registrert utslepp av støv, partiklar og røyk frå verksemdar i planområdet.
Støy				Det er ikkje planlagt nye verksemdar som medfører auka støy i planområdet.
Friluftsliv og tilgjenge til sjø www.hordaland.no				
Fri ferdsel langs sjø				Planområdet grensar ikkje til sjø.
Friluftsliv				Planforslaget er ikkje vurdert å koma i konflikt med registrert friluftsområde.

Risiko og sårbarheit knytt til infrastruktur				
Uønska hending/ forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Trafikkfare www.vegvesen.no				
Trafikkulykker på veg				<p>Vegstrekket har registrert ÅDT på 400 frå Einestranda til sørenden på Kvingedalsvatnet. Frå Kvingedalsvatnet og vidare mot Masfjordnes er ÅDT på 350. Vegbreidda på eksisterande veg varierer frå 3,3 m og oppover. Fartsgrensa på eksisterande veg er 80 km/t. Det er i planområdet mange avkjøringsar til private bustadhus, næringsverksemdar, jordbruksavkjørsler m.m. Veg til Kvingedalen, Kvingebakken, Skolten, Mjånesvegen og veg til Einestranda er kommunale vegar med avkjøring frå Fv 570. Andre vegar med avkjøring frå fylkesvegen er i hovudsak felles og private vegar. Det er langs vegstrekket registrert 5 ulykker med personskade i perioden 2003-2012 (nasjonal vegdatabank).</p> <p>Planen legg til rette for utbetra kjøreveg og etablering av fortausløyser på utvida skulder. Dette vert vurdert som eit trafikksikringstiltak og planforslaget er vurdert å medføre auka trafikksikkerheit langs vegen.</p>
Forureining				
Støv/partiklar				<p>Vegstrekket har registrert ÅDT på 400 frå Einestranda til sørenden på Kvingedalsvatnet. Frå Kvingedalsvatnet og vidare mot Masfjordnes er ÅDT på 350. Låg trafikkmengde tilseier at støv og partiklar frå vegtrafikk ikkje medfører risiko for luftforureining.</p>
Støy				<p>Det er i samband med planarbeidet ikkje utarbeidd støyfagleg vurdering. Dette på grunn av svært avgrensa trafikkmengde på vegstrekket. Planarbeidet er utarbeidd med bakgrunn i dårleg standard på eksisterande veg, og ikkje som følgje av forventa auka trafikkmengde. Planen medfører ikkje auka trafikk på vegnettet.</p> <p>Statens vegvesen utarbeidde i 2011 støyvarselkart ihht. T-1442 for Masfjorden kommune – del 1 vest. Analysen var berekna med trafikkprognose for år 2025. Berekningshøgda var 4 meter. I det utarbeidd kartet er det svært få bygg som ligg innanfor gul støysoner med L_{den} 55 dB.</p>
Utslepp/ kjemikalier				<p>I rapport utarbeidd av dsb "Transport av farleg gods på veg og jernbane – ein kartlegging 2002" er Fv 570 ikkje vist med mengde farleg gods.</p> <p>Det er i perioden 2002-2011 ikkje registrert ulykker med farleg gods i Masfjorden kommune. Det er berre gjort registreringar på hovudvegnettet. Kartlegginga er derfor ikkje representativ for lokal transport.</p> <p>Planforslaget inneber utbetring for delar av Fv570. Det blir derfor ikkje vurdert at planforslaget medfører auka risiko for ulykker med transport av farleg gods.</p>

Ulukker på andre transportårer www.kystverket.no/				
Sjø				Planområdet grensar ikkje til sjø.
Luft				Næraste hovudflyplass er Flesland Flyplass. Det er ikkje planlagt tiltak som vil kome i konflikt med flytrafikk, og området er ikkje vurdert som utsett for luftfartsulukker.
Bane				Det er ikkje trafikk på bane i planområdet.
Beredskap www.dsb.no				
Brann				Næraste lokale brannstasjon ligg på Sandnes/Masfjordnes og hovudstasjon på Duesund. Området er vurdert som godt dekket av brannvernstenesta.
Ambulanse				Ambulanse er lokalisert i Knarvik ca 33 km frå planområdet og i . Området er vurdert som godt dekket av ambulansetenesta.

7.10.3 Risiko- og sårbarheits analyse

1. Skildring av analyseobjekt			
Flaumfare			
2. Kartlegging av moglege hendingar/potensiell fare			
<p>I rapporten "Hydrological projections for floods in Norway under a future climate" (Lawrence og Hisdal 2011, NVE rapport 5-2011) går det fram at på Vestlandet vil vassføringa i ein 200 års flom sannsynleg auke med meir enn 20% dei neste 100 åra. Store nedbørmengder kan medføre flaum.</p> <p>Fv570 kryssar utlaupselvene frå Sørkvingevatnet og Kvingedalsvatnet. Fylkesvegen går i like sør/sørvest for vatna.</p> <p>Sørkvingevatnet ligg på om lag på kote +29,5 og er regulert med demning med topp på ca kote + 30 like nord for fylkesvegen. Frå demninga går delar av vatnet i røyrgate til settefiksanlegget i Skutevika. Vegen går i bru over utlaupselva på om lag kote 29,7 med ca 3,5 m frihøgde til elva. Planforslaget legg til rette for etablering av ny bru over elva på om lag kote +30.</p> <p>Kvingedalsvatnet ligg om lag på kote + 20,9. Vatnet er delvis regulert med ei mindre steinfylling ved utlaupet. Steinfyllinga bidreg til å oppretthalde vasstanden i vatnet. Utlaupeelva passerer ei mindre bru til gardsvegen nord for Fv570. Fylkesvegen passerer over utlaupselva like sør for Kvingedalskrysser. Brua på Fv570 ligg om lag på kote + 24 med ca 3,5 – 4 meters frihøgde til utlaupselva.</p> <p>Sikkerheitskrava i TEK10 gjeld ikkje direkte for infrastruktur, men det bør vurderast kva sikkerheitsnivå tiltaket skal dimensjonert for. I tillegg til at veganlegget skal vere sikkert i seg sjølv skal det også sikrast at tiltaket ikkje medfører auka fare for skadar for omgjevnadane. Sikkerheitsnivået bør vurderast ut frå trafikkmengde, betydning for transport og moglegheit for omkjøring i periodar der det stor fare for flaum.</p> <p>Midlertidig overfløyming av veganlegget treng ikkje medføre større negative konsekvensar for dei tre vektingsområda liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar.</p> <p>Planlagt veg medfører ikkje endring i vassdraga, men ved etablering av nye bruer over utlaupselvene må det sikrast tilfredstillande dimensjon på elveløpet.</p>			
3. Vurdering av sannsyn		4. Vurdering av konsekvens	
Sannsynet for flaum blir vurdert til mindre sannsynleg med ei hending pr. 100 – 1000 år.		Konsekvens ved flaum mot Fv570 vert vurder til ein viss fare for liv og helse og materielle verdiar.	
5. Berekne risiko			
	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar
Sannsyn	S2	S2	S2
Konsekvens	K2	K1	K2
Forhold til akseptkriteria			
6. Vurdere risikoreduserande tiltak			
<ul style="list-style-type: none"> - Tilstrekkeleg dimensjonering av ny bruer. - Unngå innsnevring av utlaupselver - Etablering av tilstrekkelege flaumsoner 			

1. Skildring av analyseobjekt			
Lausmasseskred			
2. Kartlegging av moglege hendingar/potensiell fare			
<p>I rapporten "Hydrological projections for floods in Norway under a future climate" (Lawrence og Hisdal 2011, NVE rapport 5-2011) går det fram at på Vestlandet vil vassføringa i ein 200 års flom sannsynleg auke med meir enn 20% dei neste 100 åra. Store nedbørsmengder kan medføre flaum og utløysing av skred.</p> <p>I området frå Einestrاند til Sørkvingevatnet og på Nordkvingo er det fleire bratte skråningar og fjellsider. Lausmassedekket er beståande av fast fjell med stadvis tynt lausmassedekke og skredmateriale. Det er i samband med planarbeidet ikkje gjennomført skredfarevurdering av skråningane.</p> <p>TEK10 stiller ikkje krav til sikkerheit mot skred på veg.</p> <p>Statens vegvesen har utarbeidd akseptkriteier for skred mot veg. For lausmasseskred blir dette vurdert for skred over 10 m³</p> <p>Det bør i vidare detaljprosjektering gjennomførast kartlegging av skredfaren i tilknytning til brattare skråningar og fjellsider.</p>			
3. Vurdering av sannsyn		4. Vurdering av konsekvens	
Sannsynet for lausmasseskred blir vurdert til sannsynleg med ei hending pr. 10 – 100 år.		Konsekvens ved skred mot Fv570 vert vurder til ein viss fare for liv og helse og materielle verdiar.	
5. Berekne risiko			
	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar
Sannsyn	S3	S2	S3
Konsekvens	K2	K1	K2
Forhold til akseptkriteria			
6. Vurdere risikoreduserande tiltak			
- Kartlegging av potensiell skredfare og vurdering av sikringstiltak.			

1. Skildring av analyseobjekt


Snøskred

2. Kartlegging av moglege hendingar/potensiell fare

Område langs Fv570 er vist som aktsomhetsområde for snøskred i databasen skrednett. I området frå Einestrånd og vestover til Sørkvingevatnet og på Nordkvingo er det fleire bratte skråningar og fjellsider. Området ligg i ein oceanisk sone med milde vintrar og moderate snømengder. Fjellsidene er hovudsakeleg skogkledd i utløysingsområde og i større grad beståande av lågare vegetasjon og landbruksområder i utlaupsområdet.

Det vert vurdert som lite sannsynleg at snøskred rammar Fv570. TEK10 stiller ikkje krav til sikkerheit mot skred på veg.

Statens vegvesen har utarbeidd akseptkriteier for skred mot veg. For snøskred vert dette vurdert for skred over 10 m³. Det bør i vidare detaljprosjektering gjennomførast kartlegging av skredfaren i tilknytning til brattare skråningar og fjellsider.



Kartutsnitt frå databasen skrednett. (NVE)

3. Vurdering av årsak og sannsyn

Sannsynet for snøskred blir vurder til mindre sannsynleg med ei hending pr. 100 – 1000 år.

4. Vurdering av konsekvens

Konsekvens av snøskred blir vurdert til ein viss fare for liv og helse og materielle verdiar.

5. Berekne risiko

	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar
Sannsyn	S2	S2	S2
Konsekvens	K2	K1	K2
Forhold til akseptkriteria			

6. Vurdere risikoreducerande tiltak

- Kartlegging av potensiell skredfare, med sikringstiltak,

1. Skildring av analyseobjekt


Steinsprang

2. Kartlegging av moglege hendingar/potensiell fare

Område i Sørkvingelia og ved Nordkvingo er vist som aktsomhetsområde for steinsprang i databasen skrednett. I området frå Einestranda og vestover til Sørkvingevatnet og på Nordkvingo er det fleire bratte skråningar samt skjeringar etablert i samband med eksisterande veg. Det er tidlegare registrert steinsprang mot veg.

Statens vegvesen har utarbeidd akseptkriterier for skred mot veg. For steinsprang vert dette vurdert for alle mengder nedfall.

Det bør i vidare detaljprosjektering gjennomførast kartlegging av skredfaren i tilknytning til brattare skråningar og fjellsider.



Kartutsnitt frå databasen skrednett (NVE)

3. Vurdering av årsak og sannsyn

Sannsynet for steinsprang blir vurdert til mykje sannsynleg, med ei hending pr. 1 – 10 år.

4. Vurdering av konsekvens

Konsekvens av steinsprang blir vurdert til ein viss fare for liv og helse og materiell verdiar.

5. Berekne risiko

	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar
Sannsyn	S4	S3	S4
Konsekvens	K2	K1	K2
Forhold til akseptkriterier			

6. Vurdere risikoreducerande tiltak

- Kartlegging av potensiell steinsprangfare og etablering av sikringstiltak.

7. Skildring av analyseobjekt			
Forureina vatn / nedbørsfelt			
8. Kartlegging av moglege hendingar/potensiell fare			
Fv570 kryssar utlaupselvene frå Sørkvingevatnet og Kvingedalsvatnet. Fylkesvegen går i like sør/sørvest for vatna. Ein svært avgrensa del av veganlegget vil få avrenning mot Sørkvingevatnet Kvingedalsvatnet. Avrenning av overflatevatn i perioden etter ferdigstilling er vurdert å vere reint, men det kan utgjere forureiningsfare ved utslepp under anleggsperioden. Det må under anleggsarbeidet takast omsyn til bruk av kjemikaliar og drivstoff slik at det ikkje er fare for at dette renn ut i vassdraga.			
9. Vurdering av årsak og sannsyn		10. Vurdering av konsekvens	
Sannsynet for utslepp til vassdrag blir vurdert til mindre sannsynleg, med ei hending pr. 100 – 1000 år.		Konsekvens av utslepp til vassdrag blir vurdert til ein viss fare for ytre miljø.	
11. Berekne risiko			
	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar
Sannsyn	S2	S2	S2
Konsekvens	K1	K2	K1
Forhold til akseptkriteria			
12. Vurdere risikoreduserande tiltak			
- Fastsette sikkerheitstiltak ved lagring og fylling av drivstoff i tilknytning til vassdrag.			

8 Konsekvensar av planforslaget

8.1 Barn og unge

Planforslaget legg til rette for opprusta veg og i større grad tilrettelegging for mjuke trafikantar. Det er venta at planforslaget medfører at barn- og unge får tryggare ferdselsforhold langs vegen. Etablering av fortausløyising i samband med busslommer/kantstopp vil medføre tryggare rammer ved skuleskys.

8.2 Naturområde, vassdrag og landbruksareal

Planforslaget medfører utviding av veganlegget og medfører inngrep på landbruksareal. Det vert i planen lagt opp til følgjande omdisponering av landbruksareal.


Omdisponert landbruksareal m ²	Arealkategori
9 958	Fulldyrka
708	Overflatedyrka
11 374	Innmarksbeite

Dette er det totale arealet som blir omdisponert i samband med reguleringsplanen. Areal som ligg innanfor eigedomsgrensene langs vegen og er eigd av Statens vegvesen / Hordaland fylkeskommune er medrekna. Hovudvekta av omdisponeringa av jordbruksareal vert på Sørkvingelia, Sørkvinga og Nordkvingo. Omdisponeringa gjeld også areal som i planen er sett av til anna veggrunn grøntareal. Delar av dette arealet vil framleis kunne nyttast i jordbrukssamanheng, men vil ved grunnavståing vere eigd av Statens vegvesen/Hordaland fylkeskommune.

Planen er elles ikkje vurdert å få større konsekvensar for naturområde langs Fv570.

Planområdet kryssar nokre mindre bekkar, samt elvene frå Sørkvingevatnet og Kvingedalsvatnet. Mindre bekkar som kryssar vegen vil bli lagt i kulvert under vegen slik som dagens situasjon. Ved Sørkvingevatnet vert den nye vegen trekt noko lenger frå vassdraget og ein unngår inngrep og utfylling. Ved utlaupselva frå Sørkvingevatnet er det lagt til rette for ny bru. Planen legg ikkje opp til innsnevring eller andre inngrep i elva.

Ved sørenden av Kvingedalsvatnet medfører vegutbetringa at det skal etablerast nytt kryss. Krysset vert heva i forhold til dagens situasjon. Dette medfører at det også må etablerast ny bru over elva frå Kvingedalsvatnet langs Fv570 og den private vegen på gnr. 37 bnr. 9. Planforslaget medfører ikkje utfylling, innsnevring eller andre inngrep i elva.



Figur 29: Temakart som viser omdisponering av landbruksjord.

8.3 Vurdering i forhold til naturmangfaldslova § 8-12

§ 8. (Kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

Vurdering

Det er i Miljødirektoratet sin database Miljøstatus ikkje registrert viktige områder for biologisk mangfold, utvalde naturtyper eller andre viktige artsforekomstar i planområdet. Det er i artsdatabanken registrert artar oppført i Norsk Rødliste 2010. Registrerte artar oppført i "Norsk rødliste 2010" innanfor planområdet er strandsnipe og stær, begge i kategorien NT (nær trua). Det er også registrert ei mengd fuglar i tilknytning til landbruksareala som ikkje er oppført i "Norsk rødliste 2010". Registreringane er gjort i tilknytning til landbruksareala på Nordkvingo.

Planforslaget legg i hovudsak utvidinga av vegbanen vekk frå landbruksområda ned mot Kvingedalsvatnet og er ikkje venta å påverke vassdraget eller randsonene rundt dette. Registreringa av raudlisteartar er ei situasjonsregistrering og det er venta at fuglar har eit langt større aksjonsområde.

Det er gjort fleire registreringar av andre artar innanfor og utanfor planområdet og fråver av andre registreringar langs Fv570 er ikkje vurdert å ha samanheng med manglande kunnskapsgrunnlag.

§ 9. (Føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

Vurdering

Tiltaket er ikkje vurdert å komme i konflikt med viktige områder for biologisk mangfold, utvalde naturtyper eller andre viktige artsforekomstar i planområdet. Registreringar oppført i Norsk Rødliste 2010 er vurdert å ikkje bli påverka av planforslaget. Det vert vurdert at det ikkje er mangel på kunnskap som tilseier at føre-var-prinsippet skal nyttast.

§ 10. (Økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

Vurdering

Planforslaget medfører utbygging i eit område som delvis er opparbeida og påverka av menneskelege inngrep i form av infrastruktur og landbruksverksemd. Plankart og reguleringsføresegner stiller krav og avgrensar arealbruken innanfor rammene i planforslaget. Det er vurdert at planforslaget ikkje medfører negativ påverknad for områder utanfor planen.

§ 11.(kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

Vurdering

Tiltakshavar skal koste opparbeiding og istandsetting av areal, tilsåing av vegskråningar og sikre eit velfungerande overvassystem ihht. reguleringsføresegnene.

§ 12.(miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

Vurdering

Planforslaget medfører i avgrensa grad endring av arealbruken innanfor planområdet. Det vert vurdert at gjeldande lovverk, kommunal kontroll og tiltakshavars interne kvalitetssystem sikrar ei forsvarleg gjennomføring av tiltaket i forhold til miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode.

8.4 Trafikk / avkjørsler

Planforslaget vil medføre auka trafikktryggleik ved at det vert sikra frisisiktsoner, utvida kjørebane og eit betre tilbud til mjuke trafikantar. Planforslaget medfører stenging/endingar i eksisterande avkjørsler:

Profil	Konsekvens
50	Tidlegare avkjørsel vist som avkjørsel som skal stengast. Ny avkjøring etablert ved profil 0.
2465	Avkjørsel blir stengt. Ny avkjørsel via f_SV8 ved profil 2400
2640	Tidlegare avkjørsel vist som avkjørsel som skal stengast. Ny avkjøring etablert ved profil 2695. (f_SV11)
2735	Eksisterande veg vert lagt om. Ny avkjørsel til rasteplass ved profil 2760
2840	Eksisterande veg vert lagt om. Ny avkjørsel til rasteplass ved profil 2830
2915	Avkjørsel blir stengt. Ny avkjørsel via f_SV12 ved profil 2910
3410	Avkjørsel blir stengt. Ny avkjørsel via f_SV16 ved profil 3430
3460	Avkjørsel blir stengt. Ny avkjørsel via f_SV16 ved profil 3430
3430	Gangveg vert stengt. Ny gangveg via f_SG til f_SV17 ved profil 3490
4910	Avkjørsel blir stengt. Ny avkjørsel via o_SV25 ved profil 4915

8.5 Bygningar

Planframlegget medfører riving av fire bygg i planområdet i tillegg til fjerning/flytting av nokre busskur. Bygg som må rivast som følgje av planen er følgjande:

Gnr/bnr	38/1
Bygningstype	Uthus
Profilnr.	2350

Gnr/bnr	37/9
Bygningstype	Garasje/uthus
Profilnr.	4890

Heimelshavar	Sigvald Kvinge
Adresse	Sleirsvegen 624
Postnr. stad	5986 Hosteland

Heimelshavar	Inga Margit Kvinge
Adresse	Nordkvingo 9
Postnr. stad	5981 Masfjordnes

Gnr/bnr	38/28
Bygningstype	Bustadhus
Profilnr.	3090
Heimelshavar	Gunnveig Kvinge
Adresse	Åbakken 2
Postnr. stad	5981 Masfjordnes

Gnr/bnr	37/7
Bygningstype	Uteløe
Profilnr.	5270
Heimelshavar	Venke Fredheim Ekren
Adresse	Austfjordvegen 1337
Postnr. stad	5981 Masfjordnes

8.6 Energi og miljø

Planforslaget medfører at det i større grad vert lagt til rette for mjuke trafikantar. Dette vil kunne medføre mindre bruk av bil langs veganlegget.

8.7 Støy

Det er i samband med planarbeidet ikkje utarbeidd støyfagleg vurdering. Dette på grunn av svært avgrensa trafikkmengde på vegstrekka. Planarbeidet er utarbeidd med bakgrunn i dårleg standard på eksisterande veg, og ikkje som følge av forventa auka trafikkmengde. Planen medfører ikkje auka trafikk på vegnettet og det er ikkje venta at planforslaget medfører auka støy frå trafikk.

8.8 Eigedomstilhøve

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune er eigar av vegrunnen langs Fv 570. Planforslaget medfører at ein utvidar og ervervar veggrunn 1,5 meter frå topp skjering/ botn grøft.

Vegar i plankartet merkt med o_SV er offentlege

Vegar i plankartet merkt med f_SV er felles.

Vegar i plankartet merkt med SV er private.

8.9 Kulturminne

Planforslaget vil ikkje medføre konsekvensar for automatisk freda kulturminne. Det er eit SEFRAK registrerte bygg som må rivast som følge av planforslaget. Dette er bustadhus på gnr. 38 bnr. 28 SEFRAK nr. 1266 7 27. Huset er antatt oppført mellom 1875-1899. Bygget må rivast på grunn av nærheit til veg. Bygget ligg allereie svært tett til eksisterande veg. Ny veg er hovudsakeleg utvida på nordsida av huset, men det er likevel vurdert at bygget ligg så tett opp til vegen at det ikkje er eigna til bustadføremål.



Figur 30: Foto av bustadhus på gnr. 38 bnr. 28

Planforslaget vil også få konsekvensar for en del steingardar og murar langs Fv 570. Lengda på steingardar som vert fjerna som følge av planforslaget er steingardar som ligg innanfor berekna skråning/fyllingsutslag. Det er ikkje teke omsyn til eventuelle tilpassingar i anleggsfasen for å redusere inngrepa. På følgjande stader må delar av steingardar fjernast/setjast opp att ved etablering av opprusta veg:

Profil	Gnr./bnr.	Ca meter steingard som vert fjerna:
915	38/7	5
970	38/10	32
2350	38/1	13
2440	38/1	10
2500	38/10	5
4410	37/5 og 37/11	37
4450	37/5	6
4970	37/9	16
4990	37/5	13
5030	37/5	57
5085	37/5	45
5085	37/4	5
5135	37/5	14

8.10 Teknisk infrastruktur

Planforslaget medfører at stolpar for straumforsyning og vegbelysning må flyttast eller leggjast om. Dette gjeld i hovudsak lågspennetnettet. Det er ikkje vurdert konflikt mellom planforslaget og høgspennliner som går gjennom området.

Det er venta at det i anleggsfasen må gjennomførast midlertidig omlegging av vass- og avlaupsleidningar m.m.

9 Merknader / Innspel

9.1 Varsel om oppstart av planarbeid

Det har til varsel om oppstart av detaljregulering blitt mottatt 24 merknader. Av disse er 5 offentlige og 19 private.

Offentlige merknader:

Nr.	Avsendar	Dato	Sending	Vedlegg (tal)
1.	Hordaland fylkeskommune v/ regionalavdelinga	06.01.2014	e-post	
2.	Noregs vassdrags- og energidirektorat	21.01.2014	Post	
3.	BKK Nett AS	26.01.2014	Post	1
4.	Statens vegvesen	28.01.2014	Post	
5.	Fylkesmannen i Hordaland	31.01.2014	e-post	

Private merknader:

Nr.	Avsendar	Dato	Sending	Vedlegg (tal)
1.	Ruth Mjanger	05.01.2014	e-post	
2.	Leif Egil Kvinge	06.01.2014	e-post	
3.	Leif Birger Kvinge	07.01.2014	Post	2
4.	Leif Egil Kvinge	22.01.2014	e-post Post	
5.	Marine Harvest AS	24.01.2014	e-post	
6.	Kjetil Fjellby	24.01.2014	e-post	
7.	Lars Andås	28.01.2014	Post	2
8.	Ingebjørg Kv Hindenes	29.01.2014	e-post	
9.	Ruth Mjanger	29.01.2014	e-post	1
10.	Gisle Eriksen og Wiggo Eriksen	29.01.2014	e-post	2
11.	Torunn Kvinge for Gunnveig Kvinge	30.01.2014	e-post	
12.	Torunn Kvinge for Gunnveig Kvinge	30.01.2014	e-post	
13.	Erik Kvinge	30.01.2014	e-post Post	1
14.	Erling Minde	30.01.2014	e-post	
15.	Wenke og Øyvind Ekren	31.01.2014	e-post	
16.	Arne Heggertveit	27.01.2014	Post	
17.	Leif Birger Kvinge	31.01.2014	e-post	
18.	Jon Egil Einestrånd	31.01.2014	e-post	
19.	Ragnhild Tveranger og Vebjørn Kjerstad Aasgard	31.01.2014	Post	1
20.	Solveig og Ola Torleif Rønhovd	18.06.2014	e-post	

9.2 Samandrag av offentlege merknader

Nr.	Etat /avsendar	Hordaland fylkeskommune v/ Regionalavdelinga
1.	Adresse/postnr. stad	Postboks 7900/ 5020 Bergen
	Datert	06.01.2014
	Samandrag av merknad	<p>I planarbeidet ber fylkeskommunen om at følgjande vert teke omsyn til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Folkehelse – omsyn til mjuke trafikantar og barn og unges interesser • Landskap – Fjernverknad og landskapsverknader må dokumenterast og vurderast • Samferdsel – Kontakt Skyss for å avklare løysingar med kollektivtransport. • Kulturminne – Det er ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne, men er tidlegare gjort gravfunn på Nordkvingo og steinøkser. Det er også ei rekkje SEFRAK registrerte bygningar langs vegen som ein må ta omsyn til. • Planområdet har blitt synfara tidlegare på førespurnad og store delar ser greitt ut i forhold til kulturminneverdiar. Det kan likevel vere potensial for automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen varslar om at det kan bli stilt krav om arkeologiske granskingar i samband med planprosessen.
Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Planforslaget legg i større grad til rette for mjuke trafikantar. Det blir etablert utvida skulder som fortausløyising. Busstopp bli i større grad lagt til rette for trygg skuleskyss. • Landskap som tema er beskrive i planomtalen. • Konsekvensar for SEFRAK- registrerte bygg er beskrive i planomtalen pkt. 8.9 • Det er oversendt bestilling av arkeologisk synfaring/feltarbeid. 	
Nr.	Etat /avsendar	Noregs vassdrags- og energidirektorat
2.	Adresse/postnr. stad	Postboks 53/ 6801 Førde
	Datert	21.01.2014
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Vegen passerar nær Kvingedalsvatnet og Sørkvingevatnet og kryssar utlaupselvene frå desse vatna. Det vet oppmoda om å legg vekt på å unngå utviding av vegen slik at det vert naudsynt med utfyllingar/inngrep i vatn og elver. Dersom inngrep ikkje er til å unngå må det gjerast greie for om det er knytt ålmenne interesser til vassdraga, og korleis inngrepa kan påverke desse t.d. fiskens frie gång, ålmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapeleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osv. • Delar av vegstrekninga er skredutsett. NVE reknar med at skredfaren blir vurdert som del av planarbeidet.
Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Ein har ved utviding av vegen lagt vekt på å ikkje koma i konflikt med vatn og elver. Der vegen kryssar utlaupselvene er det lagt til rette for etablering av bru for å unngå utfylling i vassdraga. • Det er i planarbeidet ikkje utarbeidd skredfarevurdering. Skred mot veg er vurdert i ros- analyse og omsynssoner er lagt inn i plankart. 	
Nr.	Etat /avsendar	BKK Nett AS
3.	Adresse/postnr. stad	Postboks 7050/ 5020 Bergen
	Datert	26.01.2014
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Innanfor planområdet har BKK Nett AS høgspenningliner, høgspenningskablar og nettstasjon. Anlegga er oppført i medhald av områdekonsesjon • Ved omlegging av eksisterande høgspenningsanlegg må det avsettast trase for nye leidningar og kablar til nettstasjon. Kostnadene ved dette må berast av den som ønskjer å flytte høgspenningsanlegga. • Høgspenningliner innanfor planområdet har normalt ei byggjeforbodsbelt på 16 meter, 8 meter frå kvar side av frå senter avhengig av faseavstanden. Det blir bedt

		<p>om at byggjeforbodsgrensa vert markert i plankart som trase for nærare angitt teknisk infrastruktur.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Høgspenningskablar innanfor planområdet må takast omsyn til. Det kan byggjast inntil ein meter frå kabelgrøftene. Tilkomst til kabelgrøfter må ikkje forhindrast. • Ny nettstasjon må plasserast minimum ein/fortrinnsvis 3meter frå vegkant. Størrelse må vere 2,5 x 4 meter. • Spenningsnivå for leiðningsanlegget må ikkje påførast plankartet. Kraftleiðningar skal ha ei heilskapeleg utforming, uavhengig av spenningsnivå og eventuelle fysisk utforming. Parallelle leiðningar i same trase skal teiknast som ein leiðning. • Det er viktig at eventuelle endringar og/ eller omleggingar av elektriske installasjonar vert tilkjennegitt på eit tidleg tidspunkt.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Teken til orientering • Teken til orientering • Byggjeforbodsgrensa er teken inn i plankartet. • Teken til orientering • Teken til orientering • Teken til orientering
Nr.	Etat /avsendar	Statens vegvesen
4.	Adresse/postnr. stad	Askedalen 4 / 6863 Leikanger
	Datert	28.01.2014
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Vegprosjektet som tek sikte på oppgradering av Fv 570 mellom Einestrand og Nordre Kvinge er eit samarbeidsprosjekt mellom Masfjorden kommune og Statens vegvesen. Vegvesenet sine trafikale merknader vil vere det som vert lagt fram av Masfjorden kommune.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Teken til orientering
Nr.	Etat /avsendar	Fylkesmannen i Hordaland
5.	Adresse/postnr. stad	Postboks 7310 / 5020 Bergen
	Datert	31.01.2014
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Fylkesmannen ber om at det vert teke omsyn til landbruksområde i den vidare planlegginga, og at ein unngår å byggja ned dyrka mark. Om dyrka mark blir nedbygd, må jordressursane sikrast vidare bruk gjennom føresegnene. • Det må utarbeidast ein oversikt over kor mykje dyrka mark som eventuelt vert omdisponert. • Landskapsverknader må vurderast. Fyllingar og skjeringar bør opparbeidast med gode kvalitetar, og då særleg i strandsona. • Fylkesmannen ser positivt på at tilhøva for mjuke trafikantar skal betrast.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Det er teke omsyn til landbruksinteressar så langt det let seg gjere. Konsekvensane for landbruk går fram av planomtalen. Det er i føresegnene sikra vidare bruk av jordressursane. • Dette er beskrive i planomtalen pkt. 8.2 • Teken til orientering • Teken til orientering

9.3 Samandrag av private merknader

Nr.	Avsendar/namn	Ruth Mjanger
1.	Adresse/postnr. stad	Marikollen 18/5136/Mjølkeråen
	Datert	05.01.2014
	Gnr. / bnr.	38/15
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Har nyleg kjøpt gnr. 38 bnr. 15. I plan for Skolten bustadfelt ligg det 2 bustadtomter nær vegen. Planarbeidet vil slik det ser ut påverke størrelsen på dei regulerte tomtene. • Masfjorden kommune har ikkje informert meklar om snarleg oppstart av

		planarbeid.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> Førebels svar sendt 06.01.2014
Nr.	Avsender/namn	Leif Egil Kvinge
2.	Adresse/postnr. stad	Stallabrotet 15/ 5640 Eikelandssosen
	Datert	06.01.2014
	Gnr. / bnr.	37/40
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> Ønskjer informasjon om planarbeidet utanom planlagt kontordag 15.01.2014.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> Førebels svar sendt 07.01.2014 Vart vist førebels skisser 09.01.2014
Nr.	Avsender/namn	Leif Birger Kvinge
3.	Adresse/postnr. stad	Austfjordvegen 1139/ 5981 Masfjordnes
	Datert	07.01.2014
	Gnr. / bnr.	38/42
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> Har løyve frå Statens vegvesen til å nytte avkjørsel v/ Søre Kvinge bru. Føreset at vegen framleis kan nyttast av store kjøretøy. Har avlaupsleidning frå bustadhus på 38/42 som kryssar under Fv 570 som må takast vare på. Det ligg føre avtale med Masfjorden kommune om å legge avlaupsrør fram til kommunal avlaupsleidning i vegkryss mellom Fv 570 og veg til Søre Kvinge kai. I samband med utviding av fylkesvegen. Dette slik at regulerte bustader kan knyte seg på kommunalt avlaup. Reknar med at avtalen framleis står vd lag og at arbeidet kan utførast i samband med utviding av Fv 570. Reknar med at utvidinga av Fv 570 vil følge eksisterande trase og ikkje koma nærare bustadhus/tomter enn høgst nødvendig. <p>Vedlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> Løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle Avtale om avlaup med Masfjorden kommune
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> Avkjørsel er dimensjonert for lastebil Avlaupsleidningar m.m. vil bli del av detaljprosjekteringa. Sjå kommentar over. Vegen følgjer i hovudsak eksisterande veg, men vil kome noko nærare bustadhuset og regulerte tomter i Skolten bustadfelt. Utvidinga vert i hovudsak teke på nordsida for å unngå utfylling i elva frå Sørkvingevatnet.
Nr.	Avsender/namn	Leif Egil Kvinge
4.	Adresse/postnr. stad	Stallabrotet 15/ 5640 Eikelandssosen
	Datert	22.01.2014
	Gnr. / bnr.	37/40
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> Det er behov for å sikre vegen for fotgjengarar, har vert utsett for påkjørsel og er av den oppfatning at farten er for høg i forhold til vegens standard. Viktigaste tiltak er å sette ned fartsgrensene. Ved utbetring av vegn er rekkverk mellom kjørebane og gangbane sikraste alternativ. Fortau med fortauskant er det nest sikraste. Ei løysing med kvit stripe som skilje mellom kjørebane og gangbane prioriterar bilistar og gir liten sikkerheit for barn og andre fotgjengarar. Stripa vert fort svekka og er ikkje synleg på vinterføre. Utvida kjørebane freistar til større fart, og må kombinerast med nedsett fartsgrense. Fartsgrense bør veljast etter om det vert valt rekkverk (60-70km/t) eller kvit stripe (40-50 km/t) Vegen har liten trafikk, men trafikken kjem gjerne i puljar. Har ei mykje nytta hytte i området og ønskjer at tap av areal blir så avgrensa som mogleg. Vil sette fram krav om at det vert erverva nytt areal for å oppretthalde hytteeigedomens størrelse. Det gjennom flytting av grensepunkt. Tilkomst til fritidsbustaden er avgrensa på grunn av terrenget. Avhengig av

		<p>inngrep vil sti til fritidsbustaden i større eller mindre grad bli råka. Dette medfører at det evt. må settast opp gjerde eller etablerast ny tilkomst.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Parkerer ved Fv570 og ønskjer at parkeringsplassen vert oppretthaldt. Det må leggest til rette for 2 parkeringsplassar pr. fritidsbustad. Det må også sikrast tilfredstillande drenering ved parkeringsplassen. • Sti til båtplassar langs bekken og må oppretthaldast eller det må leggest til rette for tilkomst. • Tre som vert felt på eigedomen skal leverast tilbake for å bli nytta til ved.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Planen legg til rette for etablering av utvida skulder som fortausløyising. Vegen vert dimensjonert for 80 km/t, men faktisk fartsgrense vert fastsett i samband med detaljprosjektering av vegen. • Planen legg til rette for etablering av utvida skulder som fortausløyising. Det er ikkje regulert rekkverksrom eller kantstein mellom kjørebane og utvida skulder. I tilknytning til busstopp vil det bli etablert kantstein mot haldeplass/plattform. • Vegen er dimensjonert for 80 km/t, men faktisk fartsgrense vert fastsett i samband med detaljprosjektering av vegen. • Evt. grensejustering m.m. vert fastsett i samband med grunnverv. Dette vil gå som eiga sak etter at reguleringsplanen er vedtatt. • Om eksisterande tilkomst vert fjerna, vil det bli sikra ny tilkomst. Dette vil bli gjennomført i samband med grunnverv med påfølgjande anleggfase. • Det er lagt til rette for parkering for fritidsbustader i tilknytning til eksisterande oppstillingsplass. • Dette vil bli avtala i samband med grunnverv/anleggfase.
Nr.	Avsendar/namn	Marine Harvest Norway AS
5.	Adresse/postnr. stad	Kvingo/ 5981 Masfjordnes
	Datert	24.01.2014
	Gnr. / bnr.	38/2, 3
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Marine Harwest Norway AS avdeling Kvingo er etablert med setjefiskanlegg i Skuteviken på Kvingo. Som næringsaktør i distriktet er det positivt til betra infrastruktur. • Setjefiskanlegget har vassforsyning frå Sørkvingevatnet med tre leidningar på Ø700, Ø400 og Ø160 i tilknytning til demninga. • Vil påpeike følgjande forhold som må ivaretakast: <ul style="list-style-type: none"> - Setjefiskanlegget er avhengig av kontinuerlig vassforsyning. - Forureining i vassdraget må førebyggjast. - Vassleidningar må ikkje overdekkast eller kome i kontakt med vegfyllingar. - På førebels teikning C004 og C005 kan det synast som om vassleidningane i profil 2880-3050 ligg utsett til for nedfylling/sprenging. - Marine Harvest Norway AS kan diskutere ei eventuell omlegging av vassleidningstraseen dersom dette lettast gjennomføringa. • Ønskjer å bidra konstruktivt i både plan- og gjennomføring av prosjektet.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Teken til orientering • Teken til orientering • Det er i samband med framføring av opprusta veg teke omsyn til eksisterande leidningar. Det er langs delar av leidningsnett etablert mur for å unngå at vegfyllingar kjem i konflikt med vassleidningar. Vegen er også trekt noko lenger mot nord for å unngå fylling ned mot leidningsnett og elva. • Teken til orientering
Nr.	Avsendar/namn	Kjetil Fjellby
6.	Adresse/postnr. stad	Skolten 12/ 5981 Masfjordnes
	Datert	24.01.2014
	Gnr. / bnr.	37/5
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Ser positivt på planarbeidet, men vil påpeike nokre forhold i samband med planarbeidet: <ul style="list-style-type: none"> - På førebels teikning C006 er det frå profil 4450 – 4570 teke mykje av flata nedfor driftsbygningen og våningshus til veg og busslomme. Ønskjer at meir av vegbana vert lagt på nedsida av eksisterande veg, der arealet er lite eigna

		<p>til landbruksfremål. Om vegen kan senkast vil ein unngå stor utfylling på nedsida av vegen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - På profil C008 ved profil 5950 er det avkjøring til skogsveg. Ber om at denne vert teken med i planen.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • - Veggen er trekt lenger ut, men vil framleis medføre inngrep på nedsida av driftsbygningen. Busstoppet som var vist i førebels teikningar er erstatta med kantstopp for å redusere inngrepa. - Landbruksavkjørsle ved profil 5950 er teke med i planen.
Nr.	Avsendar/namn	Lars Andås
7.	Adresse/postnr. stad	Austfjordvegen 1152 / 5981 Masfjordnes
	Datert	28.01.2014
	Gnr. / bnr.	38/12
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Førebels skisser av veg tek areal av eigedomen på både oppsida og nedsida av eksisterande veg. På nedsida av vegen er det regulert tomt til forretning/service. Dersom planlagt veg tek areal av tomte er det ikkje mogleg å byggje den ut. Ber om at regulert tomt til forretning/service vert innløyst. • Har skogteig på nordsida av eksisterande veg. Ber om at det vert laga plass til å stå med traktor utanfor hovudvegen. <p>Vedlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kart med plassering av plass for traktor - Plankart for tomt til forretning/service
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Veggen er vist med vegfylling inn på delar av tomtearegulert til forretning/service. Utfyllinga går ikkje lenger enn byggegrense i gjeldande reguleringsplan. Evt. innløyning av regulert tomt til forretning/service vil gå som eigen sak ifm. grunnervvervsprosessen. • Det er i tilknytning til skogteigen 38/12 etablert oppstillingsplass/tilkomstveg i samband med felles avkjørsel til 38/21 og 37/30.
Nr.	Avsendar/namn	Ingebjørg Kv Hindenes
8.	Adresse/postnr. stad	Lokketomarka 10 / 5136 Mjølkeråen
	Datert	29.01.2014
	Gnr. / bnr.	38/87
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Ber om at vegen vert lagt lenger frå eigedomen for å unngå skjering opp mot bustadhus/hage. • Bekymra for grunnristing under anleggsarbeid.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Veggen er ikkje lagt lenger frå eigedomen. Dette med bakgrunn i avkjørsle på motsatt side av fylkesvegen. Det er vist mur langs eigedomen for å redusere inngrepet mest mogleg. • Grunnristing under anleggsarbeid er ikkje del av planarbeidet, men vil bli fylgt opp i anleggsfasen.
Nr.	Avsendar/namn	Ruth Mjanger
9.	Adresse/postnr. stad	Marikollen 18 / 5136 Mjølkeråen
	Datert	29.01.2014
	Gnr. / bnr.	38/15
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Tomter i tilknytning til plan for Skolten bustadfelt er ikkje vist i førebels skisser til veg presentert på open kontordag 15.01.2014. • Ber om at inngrep i tomt nr. 5. vert mest mogleg avgrensa og at vegskråninga vert utført på ein slik måte at ein framleis kan byggje på tomte med tilhøyrande utareal. • Er informert frå tidlegare eigar at det under planutgreiing for tofelts veg i 1992 var avtale at røyr og leidningar skule ligge i vegen. Viser til avtale som vedlegg til innspel frå Leif Birger Kvinge • Eksisterande avkjørsel går gjennom tunet til 38/42 for å koma fram til 38/15. Ved oppstart av næringsverksemd på garden kan det bli auka trafikk på den smale og bratte gardsvegen gjennom tunet. Etterspør vurdering om ei framtidig avkjørsel

		<p>kan gå frå profil 3000-3150 som går via det private byggjefeltet frå nord og vidare til 38/15, noko som ikkje vil påverke planutkastet. Dette forslaget er ikkje diskutert med private tomteeigarar.</p> <p>Vedlegg: - Kart over Skolten bustadfelt</p>
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Alle tomtene i planen for Skolten bustadfelt er ikkje oppmålt og dermed ikkje vist i grunnlagskartet. • På grunn av elva på sørsida av vegen er utvidinga i hovudsak lagt til nordsida av eksisterande fylkesveg. Planlagt utviding av vegen medfører at delar av bustadtomta vert redusert. Statens vegvesen / Hordaland fylkeskommune vil også erverve areal 1,5 meter utanfor topp skjering. Erstatning for evt. tapt areal vil gå som eigen ervervssak etter at reguleringsplanen er vedtatt. • Det vert ikkje planlagt leidningsnett i samband med reguleringsplanen, men dette vil vere del av detaljprosjektering og gjennomføring av veganlegget. • Det er lagt til rette for at eksisterande avkjørsel ved profil 2910 og 3310. Begge avkjørslene er tilpassa bruk for større kjøretøy. Det vert i planen for Fv570 ikkje teke med meir areal enn naudsynt og ei eventuell framtidig endring av tilkomstveg må avklarast med Masfjorden kommune/private grunneigarar.
Nr.	Avsendar/namn	Wiggo Eriksen og Gisle Eriksen
10.	Adresse/postnr. stad	Apalen 29 / 5915 Hjelmås
	Datert	29.01.2014
	Gnr. / bnr.	37/30
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Eigedom 37/30 er overdratt frå Eilif V Eriksen til Gisle Eriksen og Wiggo Eriksen. • Skisser til ny veg viser store inngrep i privat hage. Det blir bedt om at plassering av veg vert revurdert. Ønskjer å få flytta vegen frå huset tilsvarande eksisterande vegskulder. Det er tilstrekkeleg ubrukt areal med solid steingrunn på motsatt side av vegen. Ny fylkesveg vil da ligge utanfor eigedomen, men avkjørsel og tilkomstveg vil medføre at sikt vert oppretthaldd. Dette skulle heller ikkje påverke radiusen på vegen. • Det ligg septiktank mellom huset og vegen som vil bli råka ved føreliggjande forslag. <p>Håpar det vert teke omsyn til innspelet da dette er ein eigedom som bli sterkt råka av vegutviding. Dette gjeld opparbeida hage i front av huset og at fylkesvegen kjem mange meter nærare huset.</p> <p>Vedlegg: - Flyfoto med førebels skisse av veg. - Skisse med innteikna ønska endring.</p>
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Teken til orientering • Planforslaget medfører at 37/30 og 38/21 samt tilkomst til skogsteig på 38/12 vert samla som ei felles avkjøring på 38/12. Avkjøringa medfører auka sikt og betre utforming. Dersom vegen vert flytta lengre sør vil det medføre større inngrep på eigedomar på sørsida av vegen ved at fyllinga vert langt større. Ei flytting av vegen vil medføre ein skarpare kurve. • Dersom avlaupssystemet vert råka vil dette erstattast. Dette vil bli del av grunnerverv / detaljprosjektering av veganlegget.
Nr.	Avsendar/namn	Torunn Kvinge for Gunnveig Kvinge
11.	Adresse/postnr. stad	Åbakken 2 / 5981 Masfjordnes
	Datert	30.01.2014
	Gnr. / bnr.	38/28
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • I samband med open kontordag 15.01.2014 vart eigar gjort kjend med at huset på gnr. 38/28 er planlagt innløyst. Av omsyn til alder er det ønskjeleg å starte bygging av nytt hus så snart som råd. Det blir bedt om at Masfjorden kommune legg til rette for dette.


		<ul style="list-style-type: none"> Eksisterande bustadhus har stått på eiegenomen lenge før det kom bilveg gjennom bygda. For å bøte på ulempene vegutbygging har medført tidlegar og vil kunne kome til å medføre, blir det bedt om at Masfjorden kommune kompenserar for tap av bustadtomt 38/28 gjennom å stille ei byggeklar tomt til disposisjon. Som erstatning for eksisterande bustadhus, blir det bedt om at kostnadene ved å bygge nytt hus av tilsvarande storleik på bustadtomt 38/101 vert dekkja fullt ut.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> Huset er i planforslaget forslått rive. Det er gjennomført møte mellom grunneigar og Statens vegvesen. Dette vil gå som eiga sak. Sjå kommentar over. Sjå kommentar over.
Nr.	Avsendar/namn	Torunn Kvinge for Gunnveig Kvinge
12.	Adresse/postnr. stad	Åbakken 2 / 5981 Masfjordnes
	Datert	30.01.2014
	Gnr. / bnr.	38/28
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> Det er blitt opplyst at det er planlagt 80 km/t som fartsgrense gjennom bygda. Vidare skal to kjørefelt for bil utgjere 6-7 meter. Det er ikkje føresett separat gang- sykkelveg. Ber om at det innanfor den samla vegbreidda på 8 meter vert lagt til rette for areal for gåande som er tydeleg avgrensa frå biltrafikk. Stortinget har dei siste åra vedteke fleire dokument som vektlegg folkehelsearbeid. (I Prop.90 L2010-2011) <<Lov om folkehelsearbeid>> vert det gjort klart at folkehelsearbeid er eit ansvar for heil kommunen. Fysisk aktivitet er ei viktig kjelde til helse og livskvalitet og for å førebyggje sjukdom. I planområdet er det få turmoglegheiter med unntak av å gå langs bilvegen. Utvida kjørebane vil medføre høgare fart. Med planar om bru over Masfjorden og Mjangervågen vil det medføre auka trafikk. Utan eit tydeleg avgrensa areal for fotgjengarar kan det vere farleg å ferdast langs vege.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> Det er i planforslaget lagt til rette for ei utvida skulder som fortausløyising/gangareal. Det vert elles vist til plankart og planomtalen for utfyllande informasjon om prinsipp for fortaus-/gangløyisinga. Det vert vist til kommentar over. Det vert vist til kommentar over.
Nr.	Avsendar/namn	Erik Kvinge
13.	Adresse/postnr. stad	Austfjordvegen 1336 / 5981 Masfjordnes
	Datert	30.01.2014
	Gnr. / bnr.	37/2
	Samandrag av merknad	<p>Punkt nummerering viser til merking på vedlegg.</p> <ul style="list-style-type: none"> Pkt. 1 Stenging av avkjørsel ved profil 4650. Felles avkjørsel mellom profil 4700 og 4750. Opparbeiding av lokalveg parallelt med fylkesveg. Pkt. 2 Landbrusareal av svært god kvalitet. Minimere inngrep. Det må settast opp bakkemur og ikkje nyttast skråning, da det krev meir areal. Mur må gå høgare enn terrenget slik at ein får avflating av teigen mot mur. Dette for å kunne snu med traktor og reiskap. Pkt. 3 Avkjøring til Kvingedal og Heien er særdeles uheldig med tanke på jordvern. Dette er ein av dei beste teigane på Kvingo. Veg vil stykke opp teigen og medføre at den ikkje er drivverdig. Pkt. 4 Driv med fjørfeproduksjon som medfører rundt 50 vogntog på tunet kvart år. Det vert også nytta semitrailer. Avkjøring til gardstunet må dimensjonast for dette. Pkt. 5 Eksisterande avkjørsel og driftsveg viser ikkje i kartet. Denne må sikrast. Ved krysset på Nordkvingo er det oppstilling for avfallscontainer. Der bør sikrast ein god plass for denne i framtidig vegplan. Det er behov for å kunne parkere 2-3 bilar i området frå Bakken og Kvingedalen) Etterlyser vurdering av behovet for busshaldeplass både i krysset på Nord Kvingo samt ved profil 4450, når det skal opparbeidast gangareal langs traseen.

		Vedlegg - Kartutsnitt med avmerking av punktnummerering
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Avkjørselen ved profil 4670 er stengt og vegen vert lagt om til eksisterande avkjørsel ved profil 4720. • Området er i planen regulert med mur mot landbruksområda på nordsida av vegen. • Avkjøringa er flytta og lagt om lag til der eksisterande avkjøring ligg i dag. Jordbruksteigen vil i langt mindre grad bli råka av vegutvidinga enn i dei førebelse skissene. • Avkjøringa er dimensjonert for lastebil. • Det er lagt inn landbruksavkjørsle ved profil 5070 • Avkjøringa frå Kvingebakkevegen er lagt om og fell saman med gardsvegen til 37/2. Heving av fylkesvegen med ca 1,5 m og ny felles avkjøring medfører at oppstillingsplassen for avfallscontainere må flyttast dersom dei skal stå i direkte tilknytning til Fv 570. • Det er ikkje lagt til rette for parkering i området. • Det er lagt til rette for kantstopp ved profil 4950 og busslomme ved profil 5020. Ved profil 4500 er det lagt til rette for kantstopp.
Nr.	Avsendar/namn	Erling Minde
14.	Adresse/postnr. stad	Heiane 117 / 5131 Nyborg
	Datert	30.01.2014
	Gnr. / bnr.	37/11 og 47
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Har kommentar til avkjørsel vist i skisseutkast ved profil 3900. Dagens løysing med avrenninga av overflatevatn skapar store problem for vedlikehaldet av privat veg. Problemet er vedvarande og medfører stadig utbetring av vegen ned til parkeringsplass. Problemet vil bli forsterka med utvida vegbane. Ønsker å få avlaupet endra meir i sørøstleg retning. • Kan i utlagt informasjon ikkje finne informasjon om Fv570 vi bli heva i området ved avkjørselen, men føreset at utbyggjar vil dekke meirutgifter ved heving av sjølve avkjørselen.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Evt avrenning og overvasshandtering vil bli del av detaljprosjektering av veganlegget. • Vegen vil bli heva ca 0,6 meter ved profil 3900. Ny/opprusta avkjøring vil bli etablert ved utbygging.
Nr.	Avsendar/namn	Wenke og Øyvind Ekren
15.	Adresse/postnr. stad	Austfjordvegen 1337 / 5981 Masfjordnes
	Datert	31.01.2014
	Gnr. / bnr.	37/7 og 46
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> • I følgje presenterte skisser vil krysset bli heva. Dette medfører at ein må ta ein U sving når ein skal ned mot Kvingedalsvegen. Det blir fortsett drive landbruk og transport med lastebil. Er avhengig av å få store kjøretøy opp til garden. Det vert foreslått å utvide krysset så godt som mogleg. • Er også grunneigar av 37/46. Ønskjer at knausen inn mot lagerbygningen vert sprengt vekk. Sikt i krysset vil bli betre. Det er også moglegheiter for å ta i mot massar dersom det er masseoverskot. Det kan også vere aktuelt å ta i mot massar på 37/7. Ved behov for parkering av anleggsutstyr er dette mogleg på 37/46.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Krysset mot Kvingedal vil bli heva. Ein føreset å nytte om lag same avkjøringspunkt mot Kvingedal og over brua. Fylkesvegen er justert noko lenger frå Kvingedalsvatnet i forhold til dagens veg for å betre stigningstilhøva. Radiusen på avkjøringa er utvida for å kunne tilpassast større kjøretøy. • Delar av knausen vil bli fjerna. Evt. fjerning av knausen må avtalast med Statens vegvesen i samband med grunnerverv. Dette vil gå som eiga sak etter at planforslaget er vedtatt. Sak vedrørande masseoverskot må avtalast med Masfjorden kommune/Statens vegvesen.
Nr.	Avsendar/namn	Arne Heggertveit
16.	Adresse/postnr. stad	Langarinden 116 / 5132 Nyborg

	Datert	27.01.2014
	Gnr. / bnr.	38/9
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> Trekkerøyr for vassleidning under eksisterande veg må ivaretakast. Ved utviding på 90- talet vart det lag trekkerøyr for vassleidning frå vatnet mot "Dalen" 38/8 og 9. Ved utfylling må trekkerøyret oppretthaldast/forlengast. Planert naustplass i Vassnaustdalen må oppretthaldast. Ved siste vegutbygging vart naustretten oppretthalden og vart som del av utbygginga planert vest for naust på 38/8. Dersom det vert naudsynt å fylle massar ned på nausttomta, vert det bedt om at erstatningsplass vert planert utanfor og merkt fysisk på staden. Dersom utbygginga ikkje fører til endringar for nausttomten er det ønskje om å få merkt denne fysisk.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> VA anlegg m.m. vil bli del av detaljprosjekteringa. Det er ikkje venta at planforslaget vil få konsekvensar for nausttomta. Evt. erstatning vil bli del av grunnervervet i etterkant av vedtatt plan.
Nr.	Avsendar/namn	Leif Birger Kvinge
17.	Adresse/postnr. stad	Austfjordvegen 1139/ 5981 Masfjordnes
	Datert	31.01.2014
	Gnr. / bnr.	38/42
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> Er interessert i eventuelle overskotsmassar ved utviding av Fv 570. Evt. som bytte for grunn som går med til vegutvidinga. Massane ynskjust nytta til bygging av veg til private tomter på 38/42 jmf. reguleringsplan for Skolten.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> Evt. avtale om bruk av overskotsmassar må avtalst med Masfjorden kommune / Statens vegvesen.
Nr.	Avsendar/namn	Jon Egil Einestrånd
18.	Adresse/postnr. stad	Austfjordvegen 810 / 5981 Masfjordnes
	Datert	31.01.2014
	Gnr. / bnr.	59/1
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> Ønskjer at avkjøring til Einestrånd ikkje vert mindre oversiktleg enn i dag. Ønskjer at overflatevatn og bekkar på oppsida av vegen vert?
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> Avkjøring vil bli oppretthalden slik den ligg. Friskt i avkjørsler er vist på kartet. Avrenning og overvasshandtering vil bli del av detaljprosjektering av vegenlegget.
Nr.	Avsendar/namn	Ragnhild Tveranger og Vebjørn Kjerstad Aasgard
19.	Adresse/postnr. stad	Austfjordvegen 1309 / 5981 Masfjordnes
	Datert	
	Gnr. / bnr.	37/69
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> Ønskjer felles avkjøring for 37/1 og 37/4 sør for 37/69 Ønskjer å flytte Fv570 lenger vekk frå husa for å få plass til felles avkjøring. Kan nytte del av 37/69 som er i plan med dagens fylkesveg til fellesavkjøring. <p>Vedlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> Kart som viser ønska løysing.
	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> Avkjøringa ved profil 4670 er i planforslaget stengt. Eigedommen vil få ny tilkomst via felles avkjøring med 37/1 og 37/2 ved profil 4720.
Nr.	Avsendar/namn	Solveig og Ola Torleif Rønhovd
20.	Adresse/postnr. stad	Skolten 1 / 5981 Masfjordnes
	Datert	18.06.2014
	Gnr. / bnr.	38/71
	Samandrag av merknad	<ul style="list-style-type: none"> Utviding av vegen kan medføre skade på bunnledning/VA- anlegg og skråning. Får en bratt fjellvegg ned mot Fv 570. Krev at det blir tatt hensyn til støy og sikring. Sprengningsarbeid kan medføre sprekker i grunnmur, skade på bygg m.m. Krev erstatning dersom planen blir vedtatt. Vegen burde vert lagt på fyllmassar på nedsida av eksisterande veg.

	Kommentar til merknad	<ul style="list-style-type: none"> • Evt omlegging av VA- anlegg vil bli gjennomført i samband med detaljprosjektering av veganlegget. Vegskråningar vil bli sikra under anleggsarbeid og permanent når veganlegget er ferdigstilt. • Sjå kommentar over. • Evt. erstatning for tap av grunn vil bli som eigen prosess gjennomført av Statens vegvesen. • Teken til orientering.
--	------------------------------	--

9.4 Merknadskart



10 Vedlegg

- Oversikt landbruk og kulturminne
- Teikningsliste

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FA - K46, FE - 144	15/412

Saknr	Utval	Type	Dato
079/2015	Formannskapet	PS	09.06.2015
084/2015	Formannskapet	PS	18.06.2015
046/2015	Kommunestyret	PS	18.06.2015

Bestandsplanområde Gulen-Masfjorden nord, adminstring av løyver

32T

BESTANDSPLAN GUL

Søknad godkjenni

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gulen kommune administrer tildeling av løyver for dei valda i Masfjorden som har skrive under innmeldingserklæring. Masfjorden kommune tildeler til resterande vald.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Vurdering

Viltforvaltninga i Masfjorden og Gulen er samde i at bestandsplanen vert godteken og følgt opp og evaluert etter treårsperioden. Administrativt vert som før, bortsett for dei valda som har skrive under på innmeldingserklæringar som då vert tildelt løyver frå Gulen kommune i samsvar med plan. Vald i bestandsplanområdet som ikkje har skrive under får tildeling frå Masfjorden kommune.

Uttale

Alle valda i bestandsplanområdet er orientert før orienteringsmøtene.

Konklusjon

Sjå framlegg til vedtak.

Formannskapet - 079/2015

FS - behandling:

Saka vert utsett til neste formannskapsmøte.

FS - vedtak:

Saka vert utsett til neste formannskapsmøte.

Gulen/Masfjorden Bestandsplanområde

Område 39



Foto: Brosvika Gard

Bestandsplan 2015 - 2017

Innhald

1. Bestandsplanområdets avgrensing og storleik.....	3
2. Planperiode.....	4
3. Målsetting.....	5
4. Organisering, drift og økonomi.....	6
5. Status.....	6
5.1 Arealbruk og områdeavgrensing.....	6
5.2 Bestandsutvikling og status.....	7
5.3 Irregulær avgang.....	12
6. Handlingsdel.....	12
6.1 Avskytingsmodell.....	13
6.2 Vald i planområdet.....	14
7. Medlemmar og søknad løyver for planperioden 2015 - 2017.....	16
7.1 Avgjerslegrunnlaget/fokus framover.....	16
8. Rullering av planen.....	17

1. Bestandsplanområdets avgrensning og storleik

Gulen/Masfjorden bestandsplanområde dekkjer heile Gulen kommune, og i grove trekk del av Masfjorden kommune vest for E39, og ein legg til grunn 631 303 dekar teljande areal. Det er total 67 godkjende hjortevald innafor planområdet i varierende storleik.


Valdnamn	Teljande areal i dekar	Valdnamn	Teljande areal i dekar
Gulen		Gulen Nord-vest Hjortevald	72472
Indre oppedal	18450	Kversøy	
Ytre oppedal	12194	Rød	1086
Asheim/ Sætre	14401	Randal og Midtbø	5271
Instefjord	11592	Ytre Gulen Hjortevald	47047
Kringla	5777	Søre Rørtveit	1708
Enges/Yndesdal/Tynning	32381	Store Vatnøy	1042
Wergeland	7225		
Haugland	7003	Masfjorden	
Brekke	3542	Solheim / Kalhovda	7900
Dale	4004	Furebotn	2760
Grinde Nedre	5877	Fossedal	3250
Høyvik Nordre	2482	Bergsvik	12300
Høyvik og Eide	3898	Reknes	1400
Eide	7021	Duesund	4000
Steine	8332	Hosteland	7340
Halsvik	2822	Kvamsdal	6500
Glenja	3320	Birkeland	9500
Svardal	6026	Lauveide	1840
Merkesdal	1865	Stor Sleire	13500
Fivelsdal	4606	Sleire Lille	5450
Furenes	1986	Frøyset Tangedal	11250
Brandsdal	4114	Vågseth	2270
Brandanger og Sellevåg	5528	Torsvik	2350
Sæternes	2533	Riisnes 1	2500
Hausevik	3180	Riisnes 2	2670
Neverdal	4497	Rambjørg	4250
Vikane	2209	Haugsåyni	3100
Sande	7331	Haugsdal Ytre	4300
Risøy	1906	Halsøy / Areklette	4650
Dingja	2584	Brekke Lindebotn	1230
Fonna	1117	Eikemo Stallane Solhaug	8680
Stevnebø	3590		
Straume/Vilsvik/Grimstad	8771		
Hjortås	2098		
Midtre Gulen Hjortevald	139315		

Totalt for heile område 39. Gulen/Masfjorden	605193
---	---------------

Tabell 1: Valdoversikt 39. Gulen/Masfjorden Bestandsplanområde

Som det går fram av tabellen er det stor variasjon mellom storleik på valda, det varierer mellom 1 042 og 139 315 daa. Styret i bestandsplanområde oppmodar mindre einingar til å gå saman om jakta. Dette vil auke fleksibilitet til den enkelte, og lette vårt arbeid med å administrere og fordele løyver.

Avgrensinga av planområdet er gjort ved bruk av data frå merkeprosjekt og lokalkunnskap om hjortens områdebruk. Gulen og Masfjorden kommune var i 2013 – 2015 med i prosjektet «Hjort 2013 -2017» i regi av Vestskog. Det vart først helde møter kommunevis. Så med bakgrunn i generell kunnskap frå merkeprosjekt, lokalkunnskap frå grunneigarar og jegerar, viltkartlegging i kommunane mm. identifiserte ein bestandsområde. Gulen/Masfjorden Bestandsplanområde meiner med grunnlag i dette at avgrensinga i høve hjortebestanden er god.



Figur1. Kart over Gulen/Masfjorden bestandsplanområde

2. Planperiode

Gulen/Masfjorden bestandsplanområde søker om godkjenning av ein treårig plan for tidsrommet 2015 - 2017 for forvaltning av hjorten i området. Vedlagt denne plan er eige søknads-skjema.

3. Målsetting

For at ein skal kunne styre mot ei ynskja utvikling er det naudsynt med konkrete, målbare og tidfesta målsettingar. Måla skal og ta omsyn til offentlege krav og føringar som ligg til grunn for hjorteforvaltning. Gulen/Masfjorden bestandsplanområde ser det likevel som viktig av planen er basert på lokalt forankra målsettingar, ein legg difor til grunn at det kan vere ulike ynskjer mellom medlemmene i bestandsplanplanområdet.

Forskrift om forvaltning av Hjortevilt har krav om at grunneigarane sine bestandsplanar skal ta omsyn til offentleg målsettingar. Område som Gulen og Masfjorden bestandsplanområde har identifisert som eit forvaltningsområde har per dato ikkje eit offentleg måldokument som trekker desse grove linjene. Vi oppmodar Gulen og Masfjorden kommunar om saman å utforme dette.

Vi presenterar i denne planen berre eiga målsetning. Gulen/Masfjorden bestandsplanområde ynskjer å ha ei sunn hjortestamme som gjev eit haustbart overskot sett i høve til leveområda sin produktivitet og mangfald. Forvaltninga skal vidare sikre ein bestandsstorleik som ikkje fører til uakseptable skadar knytt til skogbruk, jordbruk, trafikk og andre samfunnsinteresser.

Hovudmål:

Hovudmålet for denne planperioden er å stabilisere hjortestamma på dagens nivå i tal. Dette skal gjerast innafor berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ein forutsigbar bestandsutvikling til gode for hjorteforvaltninga og andre samfunnsinteresser.

Delmål:

- Halde på det gode kjønnsforholdet som er i bestanden, målt i sett kolle per bukk
- Legge til rette for eit uttak lokalt i valda som tek omsyn til lokale ynskje og behov
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr
- Halde på den høge produktivitet i bestanden, målt i kalv per kolle

4. Organisering, drift og økonomi

Det er valda i område som er medlem i Gulen/Masfjorden Bestandplanområde, og vert representert gjennom valdsansvarleg representant. Bestandsplanområdet skal driva med hjorteforvaltning innafor området, og medlemmane har skrive under på samarbeidsavtale om dette. Det er valda som får tildelt løyva frå kommunen etter godkjend bestandsplan. Fordelinga er beskrive seinare i planen. Om det er trong for det, kan løyve flyttast mellom vald, om slik avtale er skriftleg mellom partane. Det er valda som skal rapportere fellingsresultat og bestandsdata til kommunen.

Gulen/Masfjorden bestandsplanområde vert drive av eit styre, og det er styre som driv planområdet etter vedtekter og vedtak fatta i årsmøte. Styret i bestandsplanområde konstituerar seg sjølve med leiar, kasserar og sekretær. Styret syter for den faglege oppfølging av planen, rapportering og eventuelle justeringar undervegs. Arbeid med dette skal konkretiserast i arbeidsplanen og budsjettet til Bestandsplanområdet. Det vil og verte trong for arbeid knytt til informasjonsarbeid, kompetanseheving og auka oppslutnad.

5. Status

Den grunneigarstyrde lokale hjorteforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Mål og tiltak må difor vere basert på best tilgjengeleg kunnskap til ein kvar tid. Kapittelet om status er laga med grunnlag i sett hjort, fellingsdata, merkeprosjekt og lokalkunnskap.

5.1 Arealbruk og områdeavgrensing

Gulen/Masfjorden bestandsplanområde legg til grunn ei områdeavgrensing for planområde som vist i kart i kapittel 1. Dette er gjort med grunnlag i data frå merkjeprojekt og lokalkunnskap. Topografien med "halvhøya" gjer til at ein har naturlege barrierar i nord, vest og sør. Vi har vald å trekkje grensa i aust etter kommunegrensa mot Høyanger, og vidare sørover mot botnen av Masfjorden. Om det skulle syne seg at denne grensa i aust ikkje er rett, er planområdet innstilt på å endre dette. Hjorten nyttar arealet i planområde noko ulikt og til dømes i grender med aktiv drifta innmarka til gras er tettleiken større enn i andre delar. Der det er uakseptabel skade på næringsdrift (jord-og skogbruk) vil det verte teke omsyn til dette i høve fordeling av løyve til valda.

5.2 Bestandsutvikling og status

Grunnlaget for bestandsutvikling og status i bestanden finn vi fellingsdata, sett hjort, merkeforsøk og lokalkunnskap. Gulen kommune fekk og laga en fagrapport frå Norsk Hjortesenter i 2006 som beskriv utviklingstrekk i bestanden og eit bestandsestimat.

Sett hjort-registreringar har blitt gjennomført i Gulen kommune kvart år frå 2003. Det blei levert inn skjema frå 106 jaktfelt i 2003, medan det har blitt levert inn skjema frå 70-80 jaktfelt årleg etter dette. Grunnen til nedgangen ligg truleg i endring av vald-struktur. Talet på jegerdagar ser ut til å ha stabilisert seg rundt 2500 dei siste åra. I Fagrapport 4/06 (Meisingset & Aarhus 2006) er kvaliteten på data som er lagt inn i databasen omtalt som god, i og med at det er gjort kvalitetssikring av alle innlagte data. Dersom dette også gjeld for åra etter 2005 tyder det på at sett hjort-data frå Gulen er eit godt verktøy i forvaltninga.


I Masfjorden blei det gjennomført sett hjort-registreringar frå 2005 (med unntak av 2007). Tal frå 2013 og 2014 eksisterer, men er enno ikkje lagt inn på hjorteviltregisteret. Frå dei 29 valda i Masfjorden har 10-20 jaktfelt levert inn skjema årleg (tabell). Flest dei fyrste åra det blei gjort registreringar, medan det er levert inn frå berre 9 og 8 jaktfelt i 2012 og 2013. Talet på jegerdagar varierer mykje mellom åra. Det gir store utslag på sett hjort pr. jegerdag. Særskild åra 2010 og 2011 skil seg ut med høge tal på sett hjort samanlikna med tal jegerdagar. Dette viser att på oversikta over sett hjort pr. jegerdag for heile bestandsplanområdet (figur).

Tabell 1. Sett hjort-registreringar i valda i Masfjorden kommune.

År	Tal jegerdagar	Spissbukk	Bukk	Kolle	Kalv	Ukjent	Sum sett hjort	Jaktfelt som har levert skjema
2005	418	79	81	165	98	33	456	20
2006	311	57	66	161	109	59	452	17
2007								
2008	246	73	62	166	129	12	442	12
2009	335	72	114	246	161	35	628	12
2010	60	113	121	278	182	145	839	21
2011	16	43	59	147	104	15	368	9
2012	109	50	51	131	94	21	347	8


Vi veit altså at kvaliteten på dei innlagte data frå valda i Masfjorden varierer. Det vil bli jobba med å kvalitets-sikre materialet. Vi oppdaterer våre grunnlagsdata når dette er gjort. Det er samla inn mykje meir sett hjort-data i Gulen enn i Masfjorden. Viss me tek utgangspunkt i at kvaliteten på data frå Gulen er bra for heile perioden, vil kvaliteten på dei samla data for heile bestandsplanområdet likevel vere eit godt verktøy i forvaltninga. Dei høge tala for sett hjort pr. jegerdag i 2010 og 2011 er i stor grad forklart med dei unormalt høge tala frå

Masfjorden. Likevel var det også i Gulen nokså høge tal frå desse åra; 2,55 i 2010 og 2,24 i 2011.



Figur 2. Syner utvikling av sett hjort per jegerdag, kalle per bukk og kalv per kolle for perioden 2003-2014.

Sett hjort per jegerdag for område samla viser altså ein liten topp i antall dyr i bestanden i 2010. Etter 2010 indikerar kurva at bestandstettleiken har gått noko ned, tilbake på nivået ein var på i 2007 - 2009. I 2013 har ein på ny noko vekst i bestanden, før det går noko ned igjen i 2014. Eit av måla i hjorteforvaltninga i Gulen/Masfjorden har vore å stabilisera hjortestamma innafor eit passende nivå sett i høve til andre samfunnsinteresser. Trenden frå og med 2012 synest å vere utflating i stamma målt i antall sett hjort.




Figur 3. Viser total sum talde dyr i bestandsplanområde.

Vi manglar per dato tal frå Masfjorden, dette tek ein inn når ein får tilgong til det. I Gulen kommune (som figur viser) er det gjennomført teljing 3 kveldar kvart år, figur viser sum av desse tre kveldar kvart år. Innhenting av data i Gulen er fordelt på 11 teljeruter. Det er ein auke i talde dyr denne våren. Trend viser same utvikling som går fram av sett-hjort-data.

For denne planperioden er målet, i største delen av området, å stabilisere på dagens nivå, og ein må sjå på om dagens avskytings-profil vil vere relevant i høve til dette.

Bestandsplanområde har i denne planen lagt til grunn sett hjort per jeger dag.

Trenden for kolle per bukk i område har ligge stabilt rundt 1,5 kolle per bukk sidan 2003. Dette er etter vår vurdering eit svært godt tal, og noko som ein må vidareføre i åra som kjem.




Figur 3: Syner utvikling av slaktevekter på kalv dei siste åra.


Kalv sett per kolle fortel noko om variasjon i kalveproduksjon, og kan, om ein koplar dette saman med vekter vere eit godt mål på kondisjon/kvalitet i bestanden. For Gulen/Masfjorden sin del har dette talet lege på litt over 0,6 kalv per kolle sidan 2008. Dette er innafør det ein kan seie er normalt for ein hjortebestand i grei kondisjon.

Slaktevektene på kalv syner tal ein kan vente for området. Sidan 2010 har snittvekt kalv stabilisert seg på om lag 25 kg. Det er utvikling av dette parameter over tid som er interessant å følgje med på. Ein svak positiv trend siste åra er veldig bra.

Det er resultatet av avskytinga dei siste åra ein ser i bestanden i dag, og når ein veit at jakta står for nærare 90% av dødlegheita i bestanden så er dette viktig med fokus på kva slags dyr som vert skote. Under er det sett opp ein oversikt over kva som er skote dei siste åra.




Figur 4: Viser forholdet mellom tildelte og felte dyr. Og fellingsprosent.




Figur 5: Utvikling av felte dyr dei siste åra

Tal felte kalvar (raud og lys blå) går litt ned i 2014. Kan også merke seg at både eldre hann (mørk blå) og hanndyr 1,5 år (grå) går opp.



Figur 6: Ein ser at ein har skote tilnærma kjønnsnøytralt i alle år.




Figur 7: Syner avskyting vaksne dyr vs tilvekst

Så lenge ein har målingar har fordeling på uttak av tilvekst (ungdyr/kalv) ligge på eit stabilt nivå. Opp under 60% unge dyr og kalvar, og omlag 40 % vaksne er ei god fordeling som ein må søkje å halde fram med.

5.3 Irregulær avgang

Irregulær avgang i hjortebestanden har ikkje vore noko stor utfordring til no. Til tross for ein relativt tett hjortebestand har ein få møter mellom hjort og bil, men ein har likevel område som peikar seg ut. Det er i Gulen ein har flest registrerte påkøyrslar. Langs E39 er ein del, men også langs fylkesveg lenger vest.



Figur 7: Viser fallvilt i Gulen og Masfjorden sidan 2000.

Oppsummering:

Gulen/Masfjorden bestandsplanområde meiner avgjerslegrunnet for planen er godt med grunnlag i dei data ein har tilgjengeleg. Vi meiner hjortestamma er sunn og frisk og at det er samsvar med det ein kan lese i talmaterialet og det vi ser i skogen. Bestanden har etter vårt syn stabilisert seg dei siste åra. Vektene på dyra er etter vårt syn gode, og vi vil følgje med på denne utviklinga i åra som kjem.

Vi ynskjer å framleis arbeide for å stabilisere bestandsnivået slik det er i dag.

6. Handlingsdel

Handlingsdelen i planen skal legge rammene for avskytinga i Gulen/Masfjorden Bestandsplanområde, det er likevel grunn til å nemne at det er litt ulike tilhøve knytt til hjortemengd og skadeproblematikk på ulike stadar i bestandsplanområde. Planen vil tak høgde for dette, og har fokus på at totalen skal vere rett. Det er valda/medlemma som er den juridiske eininga og som får tildelt løyver etter fordelinga i denne bestandsplanen.

Gapet mellom tildelte og felte dyr har dei siste åra vorte større, ein er idag nede på ein fellingsprosent under 80. Det er akseptabelt slik det er i dag, men bør ikkje bli veldig mykje lågare. Likevel meiner vi at det for inneværande planperiode er trong for like mange løyver som ein har i område dei siste åra.

Eit framleis fokus på høgt uttak av yngre dyr meiner vi er korrekt å føre vidare. Høgt uttak av kalvar vil og lette arbeidet med kjønnsbalanse bestanden. Ved å velja denne strategien meiner vi at vi kan auke alderen i bestanden, og dermed auke/betre produksjonspotensialet.

Valde avskytingsmodell meiner vi er den beste i høve målsettinga med stabilisering og bestanden.

6.1 Avskytingsmodell

Gulen/Masfjorden bestandsplanperiode søker om godkjenning av ein bestandsplan for treårsperioden 2015 - 2017 med ei årleg kvote på 1026 dyr, til saman 3078 løyve for heile planperioden.

Fordelinga av kvoten på kjønn og alder skal vere som følgjer:

- Minimum 60 % ungdyr og kalv, av dette skal minimum 25% vere kalvar
- Maksimum 40 % eldre dyr
- 50 % hanndyr og 50 % hodyr

Dette kan avvikast einskildår, det er sluttsummen som skal gjelda.

I rundskriv til viltlova (forvaltning av hjortevilt) under §19 «Bestandsplan for elg og hjort», står avvik frå målsetjing fordeling dyrekategoriar omtala. Kommunen kan vedta å trekke tilbake godkjenning vis det oppstår vesentleg avvik frå det planlagde uttaket av dyr: «*For bestandsplanområder er det avviket i bestandsplanområdet samlet som skal vurderes.....Det må utvises en betydelig grad av skjønn fra kommunenes side i slike saker, men det antydes at avvik i størrelsesorden over 10 % normalt skal regnes som vesentlige.*».

6.2 Vald i bestandsplanområde

Opplisting av vald i bestandsplanområde, med løyvetildeling:

Gulen/Masfjorden BPO	Kalv	Ungdyr	Vaksen hann	Vaksen ho	Ant. løyve i planper.
Indre oppedal					180
Ytre oppedal					90
Asheim/ Sætre					54
Instefjord					54
Kringla					24
Enges/Yndesdal/Tynning					105
Wergeland					75
Haugland					48
Brekke					27
Dale					18
Grinde Nedre					12
Høyvik Nordre					12
Høyvik og Eide					21
Eide					48
Steine					54
Halsvik					18
Glenja					18
Svardal					36
Merkesdal					9
Fivelsdal					27
Furenes					9
Brandsdal					21
Brandanger og Sellevåg					15
Sæternes					9
Hausevik					12
Neverdal					18
Vikane					12
Sande					45
Risøy					3
Dingja					15
Fonna					6
Stevnebø					12

Gulen/Masfjorden BPO	Kalv	Ungdyr	Vaksen hann	Vaksen ho	Ant. løyve i planper.
Straume/Vilsvik/Grimstad					30
Hjortås					9
Midtre Gulen Hjortevald					600
Gulen N/V Hjortevald					360
Kversøy					
Rød					3
Randal og Midtbø					18
Ytre Gulen Hjortevald					141
Søre Rørtveit					3
Store Vatnøy					3
Solheim / Kalhovda					48
Furebotn					9
Fossedal					12
Bergsvik					72
Reknes					6
Duesund					24
Hosteland					48
Kvamsdal					27
Birkeland					57
Lauveide					18
Stor Sleire					60
Sleire Lille					42
Frøyset Tangedal					105
Vågseth					6
Torsvik					21
Riisnes 1					24
Riisnes 2					24
Rambjørg					33
Haugøyyni					9
Haugsdal Ytre					48
Halsøy / Areklette					12
Brekke Lindebotn					6
Eikemo Stallane Solhaug					30
Total kvote 2015 - 2017	754	1055	603	603	3015

7 Medlemmar og søknad løyver for planperioden 2015 - 2017

Medlemmane i Gulen bestandsplanområde søker om tildeling av frie løyver for heile planperioden etter følgende oppsett:

Gulen/Masfjorden BPO medlemsvald	Kalv	Ungdyr	Vaksen hann	Vaksen ho	Frie dyr i planper.
Ytre oppedal					90
Asheim/ Sætre					54
Instefjord					54
Kringla					24
Enges/Yndesdal/Tynning					105
Brekke					27
Grinde Nedre					12
Høyvik Nordre					12
Furenes					9
Brandanger og Sellevåg					15
Sæternes					9
Sande					45
Fonna					6
Midtre Gulen Hjortevald					600
Gulen N/V Hjortevald					360
Randal og Midtbø					18
Ytre Gulen Hjortevald					141
Furebotn					9
Hosteland					48
Sleire Lille					42
Haugøyyni					9
Haugsdal Ytre					48
Total kvote 2015 - 2017	434	608	347	347	1737

7.1 Avgjerslegrunlaget/kva må vi ha fokus på framover?

For at avgjerslegrunlaget for forvaltning av hjort i bestandsplanområdet skal verte godt vil ein løpande ha fokus kvaliteten på sett hjort-registreringane, vårteljinga og slaktevektregistreringane. Det er laga ei handbok med rettingsliner for føring av sett hjort, og denne skal distribuerast til valda

Og ein skal arbeide for at slaktevektene vert registrert så likt som mogeleg i heile planområde. Det er varmevekta utan skinn, hovud og bein inkl. nyrar som skal registrerast. Skotskada kjøtt skal ikkje takast bort før veging. Det er vidare viktig at ein rapporterar rett i høve dei skotne dyra. Ein legg her til grunn at ein sjekkar tenner nøye om ein er i tvil om dyret er 1,5 år eller eldre.

8. Rullering av planen

Styret/hjorteutvalet skal lage framlegg til ny plan i god tid før siste årsmøte i planperioden. Denne skal sendast ut på høyring til valda, før den vert handsama på årsmøte før endeleg godkjenning.

Litteratur:

- Meisingset, E. L. & Aarhus, A. 2006. Hjorten i Gulen: Utviklingstrekk og bestandsestimat. Norsk Hjortesenter Fagrapport 4/06: 1-24.
- Gulen kommune. Plan for viltforvaltninga i Gulen 2008-2012.
- www.hjorteviltregisteret.no
- Rundskriv februar 2012. Viltloven -forvaltning av hjortevilt.

Vedlegg:

- Innmeldingserklæringar

Til

Administrativ kommune: Gulen kommune v/Mona Elnes 31.05.2015

Kopi: Masfjorden kommune v/Ottar Myrtveit

Frå

Gulen/Masfjorden bestandsplanområde
v/ Jarle Nordgulen

Søknad om godkjenning Gulen/Masfjorden bestandsplanområde

Med bakgrunn i vedlagt bestandsplan søker Gulen/Masfjorden godkjenning av bestandsplanområde, og løyvetildeling komande planperiode.

All nødvendig informasjon vedr. søknad går fram av bestandsplan. Vedlagt er kopi av innmeldingsskjema til medlemmar.

For Gulen/MasfjordenBestandsplanområde

.....
Jarle Nordgulen

Vedlegg:

- Bestandsplan for Gulen/Masfjorden bestandsplanområde
- Kopi av innmeldingsskjema

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/520

Saknr	Utval	Type	Dato
085/2015	Formannskapet	PS	18.06.2015

Referatsak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar: